

# Langt igjen?

Levekår og sosial inkludering hos menneske med fysiske funksjonsnedsetjingar

JON ERIK FINNVOLD



RAPPORT

NR 12/13

# Langt igjen?

Levekår og sosial inkludering hos menneske  
med fysiske funksjonsnedsetjingar

## DEL I:

Utdanning, yrkesaktivitet og inntekt  
Ein registerstudie

## DEL II:

Erfaringar med skule og venner  
Ei surveyundersøking blant foreldre til barn i grunnskulealder

JON ERIK FINNVOLD

Norsk institutt for forskning om  
oppvekst, velferd og aldring  
NOVA Rapport 12/2013

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) ble opprettet i 1996 og er et statlig forvaltningsorgan med særskilte fullmakter. Instituttet er administrativt underlagt Kunnskapsdepartementet (KD).

Instituttet har som formål å drive forskning og utviklingsarbeid som kan bidra til økt kunnskap om sosiale forhold og endringsprosesser. Instituttet skal **fokuser**e på problemstillinger om livsløp, levekår og livskvalitet, samt velferds-samfunnets tiltak og tjenester.

Instituttet har et særlig ansvar for å

- utføre forskning om sosiale problemer, offentlige tjenester og overføringsordninger
- ivareta og videreutvikle forskning om familie, barn og unge og deres oppvekstvilkår
- ivareta og videreutvikle forskning, forsøks- og utviklingsarbeid med særlig vekt på utsatte grupper og barnevernets temaer, målgrupper og organisering
- ivareta og videreutvikle gerontologisk forskning og forsøksvirksomhet, herunder også gerontologien som tverrfaglig vitenskap

Instituttet skal sammenholde innsikt fra ulike fagområder for å belyse problemene i et helhetlig og tverrfaglig perspektiv.

© Norsk institutt for forskning om oppvekst,  
velferd og aldring (NOVA) 2013  
NOVA – Norwegian Social Research  
ISBN (trykt utgave) 978-82-7894-482-0  
ISBN (elektronisk utgave) 978-82-7894-483-7  
ISSN 0808-5013 (trykt)  
ISSN 1893-9503 (online)

Illustrasjonsfoto: © colourbox.no  
Desktop: Torhild Sager  
Trykk: Allkopi

**Henvendelser vedrørende publikasjoner kan rettes til:**  
Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring  
Munthesgt. 29 · Postboks 3223 Elisenberg · 0208 Oslo  
Telefon: 22 54 12 00  
Telefaks: 22 54 12 01  
Nettadresse: <http://www.nova.no>

# Forord

Denne rapporten presenterer resultatene frå prosjektet «Alle skal med? Integrasjon i skole og arbeidsliv for menneske med fysisk funksjonsnedsettelse». Målet med publikasjonen er å bidra med ny kunnskap om faktorar som påverkar inkludering av menneske med fysisk funksjonsnedsetting i skule og arbeidsliv. Cerebral Parese og ryggmargsbrokk utgjer den vesentlege delen av undersøkingspopulasjonen. I analysane er det nytta to ulike strategiar for innsamling av data. Del I brukar data frå ulike offentlege register for å dokumentera utdanningsløp og deltaking i arbeidsmarknaden for eit utval fødd mellom 1965 og 1985. Del II omfattar resultatene frå ei postal spørjeundersøking blant foreldre med barn i grunnskulealder.

Prosjektet starta i 2011, og har vore finansiert av Stiftelsen Sophies Minde, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og NOVA. Prosjektet har hatt ei referansegruppe der Lars Grue (NOVA), Geir Westerberg (Sophies Minde), Grete Hjermstad (Bufdir) og Eva Buschmann (CP-foreningen) var deltakarar.

Statistisk sentralbyrå har stått for innsamling av data. Ein særleg takk for bidraga til Hilde Eirin Pedersen, Øyvind Siverstøl og Mathias Killengreen Revold, alle SSB. SSB/NOVA er dermed kjelde for dei aller fleste tabellar og figurar i rapporten.

NOVA-forskarane Kirsten Danielsen og Kari Stefansen har hatt nyttige innspel til utforminga av rapporten, takk til begge.

I arbeidet med førebuing av surveyundersøkinga om foreldres erfaringar med skulen bidrog CP-foreningen med informantar. Takk også til alle foreldre som tok seg tid til å sende inn skjemaet.

Jon Erik Finnvold,  
november 2013



# Innhald

Innleiing .....	7
<b>DEL I: Utdanning, yrkesaktivitet og inntekt. Ein registerstudie .....</b>	<b>11</b>
<b>Samandrag .....</b>	<b>11</b>
<b>1 Innleiing: Levekår under oppvekst og konsekvensar for seinare utdanning og yrkesdeltaking .....</b>	<b>13</b>
<b>2 Datagrunnlag .....</b>	<b>14</b>
<b>3 Utdanning: I mors og fars fotspor? .....</b>	<b>16</b>
<b>4 Yrkesdeltaking: utdanning avgjerande .....</b>	<b>21</b>
<b>5 Inntekt .....</b>	<b>24</b>
<b>6 Utdanning, yrkesaktivitet og inntekt: oppsummering .....</b>	<b>27</b>
Utdanning som nøkkelfaktor .....	29
Feilkjelder .....	29
<b>DEL II: Erfaringar med skule og venner. Ei surveyundersøking blant foreldre til barn i grunnskulealder .....</b>	<b>31</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>31</b>
1.1 Datagrunnlag .....	32
1.2 Kjenneteikn ved utvalet .....	33
1.3 Sjukdom og funksjonsevne .....	34
<b>2 I same klasse? Bruk av nærskulen og organisering av spesialundervisning .....</b>	<b>37</b>
2.1 Integrasjon undervisninga og omfang av spesialundervisning .....	37
<b>3 Erfaringar med skulen .....</b>	<b>44</b>
3.1 Individuell opplæringsplan .....	44
3.2 Fysisk tilrettelegging .....	44
3.3 Sosiale aktivitetar i skulens regi .....	45
3.4 Foreldras vurdering av kompetanse og samarbeid .....	46
3.5 Kvart tredje barn mobba .....	48
3.6 Trivsel på skulen .....	48
3.7 Foreldras vurdering av barnets faglige nivå .....	49
3.8 Foreldras forventningar til barnets utdanningsløp .....	51

<b>4 Etter skoletid: sosial deltaking og vennenettverk</b> .....	53
4.1 Kven har nære venner? .....	53
4.2 Den uorganiserte fritida .....	55
4.3 Å ha besøk av venner.....	57
4.4 Å vere på besøk hos venner.....	59
4.5 Organiserte fritidsaktivitetar .....	60
<b>5 Oppsummering</b> .....	64
<b>6 Merknader om inklusjons- og eksklusjons-mekanismar</b> .....	66
<b>Summary</b> .....	69
<b>Litteratur</b> .....	71
<b>Vedlegg 1: Tabellar</b> .....	75
<b>Vedlegg 2: Tilhøve rundt diagnostisering av fysisk funksjonsnedsetjing</b> .....	79
<b>Vedlegg 3: Spørjeskjema</b> .....	81

# Innleiing

På ulike politikkområde er det formulert målsettingar som går på at menneske med nedsett funksjonsevne skal få auka deltaking og inkludering i samfunnslivet, og ta del i den allmenne betring av levekår som samfunnet for øvrig opplever. I Soria Moria-erklæringa blei det slått fast at «Norge skal bli verdens mest inkluderende samfunn». Eit av verkemidla som skal realisere dei politiske måla, er den nye diskriminerings- og tilgjengelighetslova, som har vore verksam frå 1. januar 2009. Lova hevdast å sette Norge i front når det gjeld juridiske verkemiddel for inkludering av pesoner med nedsett funksjonsevne.

1. Prosjektets eine hovudmål er å dokumentere variasjonar i sentrale levekårsindikatorar som utdanning, inntekt og yrkesdeltaking for ei spesifikk gruppe med fysiske funksjonsnedsetjingar (teksta nyttar stort sett omgrepet «utvalet» om denne gruppa): I kva grad skil erfaringane frå denne gruppa seg frå befolkninga for øvrig? For å gje eit svar på dette nyttast utelukkande informasjon frå offentlege register for å dokumentere variasjonar i levekår for individ fødd mellom 1965 og 1985.
2. Det andre målet er å gje ein oversikt over skulesituasjonen til barn med fysiske funksjonsnedsetjingar, slik foreldra deira vurderte dette våren 2012. Det handlar mellom anna om graden av integrasjon i vanleg klasseromsundervisning, skuletrivsel og vennenettverk. Denne delen av undersøkinga baserer seg i hovudsak på surveyemetodikk.

Undersøkingar der ein nyttar registerbaserte analysar og spørjeundersøkingar som metode er i liten grad brukt i tidlegare analysar av definerte grupper av personar med funksjonsnedsetjingar. Den forskinga som er gjort, er i hovudsak basert på kvalitative undersøkingar. I Norge er det etablert offentlege register som gjer det mogleg å identifisera populasjonar med definerte diagnosar koda etter ICD-standarden (International Classification of Diseases). NAV administrer ordninga med grunnstønad og hjelpestønad, som yter

kontantstøtte til familiar som har barn med kronisk sjukdom eller funksjonsnedsetjing. Det er dette registeret som er grunnlaget for trekking av utvala med fysisk funksjonsnedsetjing. For å få stønad må diagnosen bli bekrefta av lege, som også må gå god for at det dreier seg om ein varig tilstand. Det handlar altså ikkje om sjølvrapportert sjukdom, men om diagnosar basert på legedokumentasjon og vurdering av sakshandsamarar i NAV.

Registeret kan nyttast til å trekke utval av barnefamiliar (delmål 2 over), men kan også identifisere vaksne som tidlegare har fått stønad som barn (delmål 1 over).

Slike register er det få eksempel på internasjonalt. Eit unnatak er til dømes Danmark, som i lengre tid har hatt eit operativt register over menneske med CP. Eit slikt register er også etablert i Norge.

I framstillinga nyttast omgrepet fysisk funksjonsnedsetjing om under-søkingspopulasjonen. Fleirtalet av desse, 80 prosent, har cerebral parese. Ein reknar med at vel 2 av 1000 barn blir fødd med CP, og at dei fleste blir diagnostisert før to års alder (Odding, Roebroeck & Stam 2006; Andersen et al. 2008). Gruppa er ei samansett gruppe med svært varierende grad av motoriske utfordringar. I tillegg til dei motoriske avvika har mange med CP tilleggssproblem (Andersen 2009): Det kan handle om tilleggssdiagnosar og tilstandar som epilepsi, problem med verbal kommunikasjon og utfordringar knytt til læring og sansing. Korleis NAV sitt register har handtert multiple funksjonsnedsetjingar veit vi ikkje, det er berre hovuddiagnosen som er i registeret. Det er viktig å vere merksam på at omgrepet fysisk funksjonsnedsetjing i mange tilfelle inkluderer barn som også har utfordringar knytt til læring og sosial kommunikasjon.

Utgangspunktet for definisjonen av omgrepet fysisk funksjonsnedsetjing er medisinske diagnosar. Dette valet er pragmatisk, basert på eit potensial som finst i offentlege register. Diagnosebaserte klassifikasjonar er blitt kritisert for å representere ein individualistisk forståing av kva det inneber å ha ein funksjonsnedsetjing (sjå til dømes Grue 1998, s 36–48). Denne forståinga vil ofte peike mot individuelle tiltak for betre situasjonen for den einskilde, og under-vurdere samfunnsmessige tilhøve som kan redusere negative konsekvensar av funksjonsnedsetjinga. I denne rapporten vert samfunnsmessige tilhøve temati-

sert gjennom å analysere konsekvensane av til dømes ulik familiebakgrunn, trekk ved bustadkommunen eller korleis undervisninga er organisert.

Å fokusere på spesifikke diagnosar er viktig fordi ulike typar av funksjonsnedsetjingar er stilt overfor ulike utfordringar både i arbeidsliv, skule og andre sosiale samanhengar. «Sekkekategori» som levekårsundersøkingane og arbeidskraftundersøkingane til Statistisk sentralbyrå opererer med, er nyttige og gjer oversikt, men kan ikkje brytast ned på spesifikke diagnosar.

I tillegg til registeret over grunn- og hjelpestønad har ordninga med personnummer vore i bruk lenge i Norge. Difor kan ein også kople ulike register som gjer det mogleg å identifisere eigenskapar ved foreldra, men også trekk ved bustads-kommunen. Det er potensialet i desse registerkoplingane som definerer sentrale spørsmålsstillingar i begge dei to undersøkingane. I kva grad peiker til dømes sosiale ulikskapar i barndommen mot ulikskapar i vaksen alder? Er til dømes variasjonar i foreldras inntekt viktig for å forstå variasjonar i sosial deltaking hos skulebarn?

Undersøkingar som nyttar opplysningar underlagt teieplikta har forskningsetiske sider. I desse undersøkingane er dei nødvendige løyve henta inn frå registereigar (NAV). Prosjektet er også vurdert og godkjend av Norsk samfunnsviteskapleg datateneste (NSD), som er NOVA's personvernombod. I tillegg har Statistisk sentralbyrå administrert datainnsamlinga innafor si rammekonsesjon med Datatilsynet.



# DEL I:

## Utdanning, yrkesaktivitet og inntekt. Ein registerstudie

---

### Samandrag

Denne delen av prosjektet dokumenterer arbeidsmarknadsintegrasjon, inntekt og utdanning for ei gruppe som var fødd mellom 1965 og 1985. Undersøkinga er basert på koplingar av ulike register, slik at ein kan slå fast kor mange som var i arbeid, kor mykje dei tente, og kva som var den høgaste utdanninga dei hadde fått i 2010.

Registerkoplingane gav også informasjon om ulike tilhøve i barndommen, slik som arbeidsløyse og lågt utdanningsnivå hos foreldra, eller om dei budde hos begge eller berre den eine av dei biologiske foreldra. Eit sentralt spørsmål er i kva grad tilhøve i barndommen verkar inn på sjansane til å lukkast i utdanningssystemet og arbeidslivet i vaksen alder. Og er det slik at desse faktorane er meir eller mindre avgjerande dersom barnet har ein funksjonsnedsetjing? For å gje eit svar på dette spørsmålet, vart det også trekt eit tilfeldig utval med same alderssamansetjing.

Resultata viser at mens 36 prosent i undersøkingspopulasjonen var yrkesaktive i 2010, var tilsvarende for befolkninga for øvrig 87 prosent. Inntektsnivået for personar med nedsett funksjonsevne var om lag to tredjedelar av nivået i den øvrige befolkninga. Den viktigaste årsaka til spriket mellom dei to gruppene var eit generelt lågt utdanningsnivå i gruppa med fysisk funksjonsnedsetjing. I alt 64 prosent i denne gruppa hadde grunnskule som høgaste fullførte utdanning i 2010, mot 17 prosent i befolkninga for øvrig. Mens 14 prosent oppnådde universitets- eller høgskuleutdanning i gruppa med funksjonsnedsetjing, var tilsvarende for befolkninga for øvrig 41 prosent.

Tilhøve i barndommen gav klare føringar på kor lang utdanning ein kunne rekne med å få. Lang utdanning hos både mor og far auka sjansane betraktelig for at barna enda opp med utdanning på høgskule- eller universitetsnivå. Dei som ikkje var registrert som busett med begge foreldra, hadde mindre sjansar til å få ei høgare utdanning enn andre, også arbeidsløyse hos far var til ein viss grad ein risikofaktor.

Familietilhøve hadde også konsekvensar for yrkesdeltaking og inntekt i vaksen alder, men den statistiske verknaden av desse faktorane var klart mindre samanlikna med analysane av utdanningsnivå.

Familietilhøve verka stort sett på same måte for personar med nedsett funksjonsevne som for andre. Barn med funksjonsnedsetjing hadde til dømes ikkje større fordelar av at foreldra hadde universitetsutdanning samanlikna med befolkninga for øvrig.

På nokon område var det likevel statistisk sikre forskjellar. For busette i kommunar med generelt høgt utdanningsnivå var sjansane for sjølv å ende opp med ei høgare utdanning relativt store, uansett foreldras utdanningsnivå. Dette gjaldt begge grupper, men var ein særleg fordel for personar med nedsett funksjonsevne.

For inntekt var det slik at denne auka med aukande alder for befolkninga for øvrig, mens personar med nedsett funksjonsevne ikkje kunne rekna med inntektsauke etter fylte 30 år. Utsiktene til yrkesdeltaking var óg mindre for dei som budde i dei minst sentrale kommunane.

Registeranalysane viste at utdanning er avgjerande for seinare utsikter på arbeidsmarknaden, og at dette i særleg grad gjeld for dei med fysisk funksjonsnedsetjing. Difor spelar skulen ein avgjerande rolle for sosial inkludering i vaksen alder.

# 1 Innleiing: Levekår under oppvekst og konsekvensar for seinare utdanning og yrkesdeltaking

Omgrepet 'cumulative advantage/disadvantage' (DiPrete and Eirich 2006) er i forskingslitteraturen ofte bruka om prosessar som forsterkar små forskjellar over tid, og som gjer det vanskelig for individ eller grupper som ligg etter når det gjeld t. d. utdanning eller inntekt å ta igjen forspranget til majoriteten. Ein av dei fyrste studiane av denne typen tok for seg forskjellar i suksess på arbeidsmarknaden mellom afro-amerikanarar og majoritetsbefolkninga i USA på 1960-talet (Blau & Duncan 1967). Ideen var at afro-amerikanarar på ulike steg i livsløpet er utsett for mange diskrimineringsmekanismer som er knytt til etnisitet som risikofaktor, og at manglande suksess på arbeidsmarknaden er ein kumulativ effekt av etnisk bakgrunn (s. 238). Blau og Duncan observerte at afro-amerikanarar hadde eit generelt lågare utdanningsnivå, men at dette aleine ikkje kunne forklare forskjellen. På alle utdanningsnivå var det slik at afro-amerikanarar kom klart dårlegare ut i arbeidsmarknaden enn majoritetsbefolkninga med like lang utdanning. På tilsvarende måte kan ein tenkje seg at ulike grupper av personer med nedsett funksjonsevne møter ulike hindringar gjennom barndom og ungdom som svekker deira sjansar til å lukkast i utdanningssystemet, og som endar med marginalisering i tilhøve til arbeidslivet.

Presentasjonen legg vekt på å samanlikne gruppa med fysiske funksjonsnedsetjingar med majoritetsbefolkninga. Slike kumulative prosessar kan skape forskjellar mellom grupper, men også mellom individ innafor ei gruppe. Funksjonsnedsetjing er i seg sjølv ein risikofaktor når det gjeld utdanning og integrering i yrkeslivet. Kva skjer dersom denne risikofaktoren kjem i tillegg til andre kjende risikofaktorar slik som lågt utdanningsnivå hos foreldra?

I framstillinga under blir det undersøkt korleis ulike risikofaktorar slår ut for personar med nedsett funksjonsevne samanlikna med befolkninga for øvrig. Er det til dømes slik at ein risikofaktor som det å vekse opp hos berre den eine av foreldra har større negative konsekvensar for dei med fysisk funksjonsnedsetjing samanlikna med majoritetsbefolkninga?

## 2 Datagrunnlag

Ordninga med grunn- og hjelpestønad er etablert for å kompensere for ekstraavgifter som familiar har i samband med kronisk sjukdom eller funksjonsnedsetjing. Alle som er mottakar av desse ytingane finst i NAV sitt register. SSB har tilgang til dette registeret, som blant anna har opplysningar om kva slags diagnose barnet har. Vår undersøking baserer seg på et utval i dette registeret som omfatta alle barn og unge som var under 20 år i 1985, og som var diagnostisert med en fysisk funksjonsnedsetjing (tabell 1). I hovudsak handla dette seg om personer med cerebral parese og ryggmargsbrokk. I NAV sitt register finst det også opplysningar om beløpet som familiarne får. Storleiken på dette beløpet kan tene som ein indikator på saksbehandlarane i NAV sin vurdering av graden av funksjonsnedsetjing og hjelpebehov.

**Tabell 1. Mottakarar av grunnstønad og hjelpestønad mellom 0 og 20 år i 1985 med fysisk funksjonsnedsetjing. Etter diagnose (ICD-9). Prosent**

CP (343)	80
Spina bifida (741)	10
Ostogenesis imperfecta (7565)	3
Nevromuskulære sjukdommar (335, 358–359)	4
Øvrige, inkl. dysmeli, achondoplasier (7552–4, 7564)	3
I alt	100

Nettoutval = 2033 personar. Kjelde: NAV/SSB – upublisert materiale

Når registeret over grunn- og hjelpestønad blei kopla mot det sentrale personregisteret i 2010, var det 219 personer (vel 14 prosent) som ikkje fantes. I statistisk språkbruk definerast dette som avgang. Avgang er personer som ikkje lenger får «treff» i registeret fordi de er enten døde eller flytta til utlandet. For befolkninga for øvrig var denne avgangen på vel 2 prosent. Dette inneber at nettopopulasjonen som vert analysert omfatta om lag 1740 personar. Litt avhengig av kva for ein analyse det dreier seg om vil det likevel vere færre observasjonar. Det skuldast at fleire registerkoplingar er involvert, som omfattar registre som i større eller mindre grad er komplette.

For å kunne samanlikne dette utvalet med den øvrige befolkninga blei det trekt eit tilfeldig utval på 20 000 personar i same aldersgruppe (0–20 år i 1985). Samanlikningsutvalet er eit representativt utval, med same omfang av sjukdom og funksjonshemming som i ein normalbefolkning. Individua som er

trekt frå registeret over grunn og hjelpestønad er derimot ikkje med i utvalet for befolkninga for øvrig.

For begge populasjonane blei ei rad register kopla for å gje opplysningar om både personane i utvala og deira foreldre:

*Inntekt:* basera på oppgåver rapportert i sjølvmeldinga.

*Utdanning:* opplysninga er henta frå registeret over høgaste fullførte utdanning. Registeret gjer også opplysningar om pågåande utdanning. Opplysningane er registrert per oktober det aktuelle året.

*Yrkesaktivitet:* Opplysningane er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB 2010), og fortel kven som var yrkesaktive og utførte betalt arbeid eller var midlertidig fråverande i ei referanseveke. Sjølvstendig næringsdrivande blei inkludert basert på opplysningar i sjølvmeldinga. Det er den konkurranseutsette delen av arbeidslivet registeret rapporterer, slik at dei som er yrkesaktive i skjerma bedrifter av ulike typar ikkje er registrert som yrkesaktive.

*Familietype:* Basert på opplysningar i folkeregisteret kan ein sjå kven av individa i utvalet som budde på same adresse som foreldra i 1985. For individ som ikkje gjorde dette kan det dreie seg om fleire ulike kategoriar, sjølv om aleineforsørgjarar vil vere ein sentral kategori.

*Kommunekarakteristika:* Basera på aggregerte individdata og informasjon om kommunebakgrunn er det konstruert variablar som grupperer individ etter gjennomsnittlig utdanningsnivå i bustads-kommunen.

I tabell A (sjå vedlegg 1) er dei to utvala samanlikna. Aldersfordelinga er relativt lik, mens det er ein viss overrepresentasjon av menn. Utvalet med funksjonsnedsetjing skil seg elles frå befolkninga for øvrig med ein liten (men statistisk signifikant) overrepresentasjon av individ som budde hos berre ein av foreldra. Det er ein diskusjon om familiar med funksjonshemma barn oftare opplever skilsmisse. Litteraturen om dette er ikkje eintydig, men tidlegare norske undersøkingar tyder ikkje på at der er store variasjonar (Lundeby & Tøssebro 2007). Å ha barn med funksjonsnedsetjing kan også ha konsekvensar for livsløpet til foreldra (Mailick Seltzer et al. 2001). I tabellen ser vi at utdanningsnivået gjennomgåande er lågare for både mor og far i utvalet med nedsett funksjonsevne.

### 3 Utdanning: I mors og fars fotspor?

Utdanning ligg som ein sentral premiss for yrkesdeltaking, men er også korrelert med ei rad andre levekårskomponentar. Det er grunn til å tru at barn med funksjonsnedsetjingar har utfordringar som andre ikkje møter, gjennom til dømes å vere meir avhengige av offentlege tenester og støtteapparat (Shandra & Hogan 2009). Omfanget av spesialundervisning er betydelig for denne gruppa (sjå del II), skulen oppfattar det altså slik at det ofte er behov for spesialtilpassa undervisning. Ein diagnose som CP har svært varierende grad av funksjonsnedsetjing, der funksjonsnedsetjinga ofte også handlar om kognitive problem. Blant anna difor er det ikkje overraskande at utdanningsnivået er lågare for dette utvalet samanlikna med befolkninga for øvrig.

Kontrasten er derimot betydelig. Heile 64 prosent i utvalet hadde berre grunnskule som høgaste fullførte utdanning, tilsvarende for den øvrige befolkninga var 17 prosent (tabell 2). I befolkninga for øvrig hadde 41 prosent oppnådd universitets- eller høgskuleutdanning, mot 14 prosent i utvalet. Kontrasten er truleg endå større, ettersom åtte prosent i befolkninga for øvrig fortsatt var under utdanning, mens dette var tilfellet for to prosent i utvalet.

**Tabell 2. Barn født 1965 – 1985. Høgaste fullførte utdanning i 2010 og pågåande utdanning i 2010. Andelar for utval med og utan fysisk funksjonsnedsetjing. Prosent. (N)**

	Utval med fysisk funksjonsnedsetjing	Tilfeldig utval
<b>Høgaste fullførte utdanning i 2010</b>		
Grunnskule	64	17
Vidaregåande	22	42
Universitet/høgskule nivå I (14–17 år)	11	31
Universitet/høgskule nivå II (18 år og over)	3	10
I alt	100	100
(N)	(1592)	(19889)
<b>Under utdanning i 2010</b>		
under utdanning	2	8
Ikkje under utdanning	98	92
I alt	100	100
(N)	(1592)	(19889)

I tabell 3 er utdanningsnivået samanlikna for ulike grupper av utvalet. Tilsvarende tabell er også laga for befolkninga for øvrig (tabell 4).

Ettersom haldningane til kva som er læringspotensialet for ulike grupper av funksjonsnedsetjingar har endra seg over tid skulle ein kanskje forvente større forskjellar enn det tabellen kan dokumentere. I nokon grad er det rett nok slik at dei som er 33 år eller yngre oftare har høgare utdanning, men dette mønsteret skil seg ikkje frå befolkninga for øvrig.

Tendensen til at jenter i større grad enn gutar tek høgare utdanning finn ein ikkje att i utvalet. Tabell 3 viser elles klare mønster når det gjeld sosial bakgrunn. Nivået på begge foreldras utdanning viser ein klar samanheng med kva barna deira har oppnådd av utdanning. Til dømes hadde 28 prosent oppnådd universitets- eller høgskuleutdanning dersom mor også hadde utdanning på tilsvarende nivå. Tilsvarende mønstre finst også for befolkninga for øvrig, slik at verknaden av foreldras utdanning ikkje ser ut til å vere spesielt tydelig for utvalet.

Barn av foreldre som ikkje budde saman i 1985 hadde litt lågare utdaningsnivå, mens utdanningsnivået var klart høgare for dei som budde i kommunar med eit generelt høgst utdanningsnivå. I utvalet var andelen som hadde fått høgskule- eller universitetsutdanning over tre gonger høgare for dei som budde i kommunar med høgt utdanningsnivå samanlikna med dei som budde i kommunar med det lågaste gjennomsnittlege utdanningsnivået.

Det som igjen er mest tydeleg i dei to tabellane er kontrasten mellom utvalet og befolkninga for øvrig. Det er også svært store forskjellar mellom ulike grupper, forskjellar der resultata i dei to tabellane stort sett speglar kvarandre.

Ein interessant samanlikning er mellom barn som har fysisk funksjonsnedsetjing og som bur i kommunar med høgt utdanningsnivå, og barn i befolkninga for øvrig som har foreldre med grunnskule som høgaste fullførte utdanning. For desse to gruppene er sjansane til å få høgare universitets- og høgskuleutdanning den same.

**Tabell 3. Menneske med fysisk funksjonsnedsetjing født 1965 – 1985. Høgaste fullførte utdanning i 2010. Prosent. (N)**

	I alt	Grunn- skule	Vidare- gåande skule	Universitet/ høgskule/ nivå I (14–17 år)	Universitet/ høgskule nivå II (18 år og over)	(N)
<b>Total</b>	100	64	22	11	3	(1592)
<b>Alder 2010</b>						
25 – 30	100	64	18	14	4	(369)
31 – 33	100	64	22	12	2	(309)
34 – 37	100	61	26	10	3	(325)
38 – 42	100	69	21	8	3	(372)
43 – 45	100	63	25	9	3	(217)
<b>Kjønn</b>						
Menn	100	65	22	10	3	(872)
Kvinner	100	64	22	11	3	(720)
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>						
Grunnskule	100	68	23	7	2	(630)
Vidaregåande skule	100	63	23	11	4	(742)
Høgskule/universitet	100	55	17	22	6	(190)
<b>Fars høgaste fullførte utdanning</b>						
Grunnskule	100	69	23	7	1	(472)
Vidaregåande skule	100	62	23	12	4	(771)
Høgskule/universitet	100	59	20	16	5	(250)
<b>Familietype 1985</b>						
Begge foreldra med same adresse som barnet	100	63	23	11	3	(1242)
Ein av foreldra med same adresse som barnet	100	70	19	9	2	(350)
<b>Gjennomsnittlig utdanningsnivå i bustadkommune, prosent andel med univ./høgskuleutdanning</b>						
Låg, opp til 18.6%	100	73	20	6	1	(333)
Middels, 18.7–26.6%	100	68	24	6	1	(618)
Høgt, 27% og over	100	56	21	17	6	(640)
<b>Grunn- og hjelpestønad, gruppert etter årlege beløp</b>						
Lågt (Gjennomsnitt 5612 NOK)	100	54	29	13	3	(446)
Lågt /medium (Gjennomsnitt 10644 NOK)	100	63	23	9	3	(390)
Medium/høgt (Gjennomsnitt 18985 NOK)	100	67	19	11	3	(428)
Høgt (Gjennomsnitt 36455 NOK)	100	75	14	9	2	(328)

**Tabell 4. Tilfeldig utval født 1965 – 1985. Høgaste fullførte utdanning i 2010. Prosent. (N)**

	I alt	Grunn- skule	Vidare- gåande skule	Universitet/ høgskule nivå I	Universitet/ høgskule nivå II	(N)
<b>Total</b>	100	17	42	31	10	(19889)
<b>Aldersgruppe 2010</b>						
25 – 30	100	19	37	33	11	(4438)
31 – 33	100	16	39	33	12	(3533)
34 – 37	100	13	42	34	11	(4106)
38 – 42	100	18	45	28	9	(4488)
43 – 45	100	20	46	27	8	(3324)
<b>Kjønn</b>						
Menn	100	19	47	23	11	(10121)
Kvinner	100	15	36	39	10	(9768)
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>						
Grunnskule	100	27	49	21	3	(7027)
Vidaregåande skule	100	13	43	34	10	(9514)
Høgskule/universitet	100	5	21	46	28	(2951)
<b>Fars høgaste fullførte utdanning</b>						
Grunnskule	100	27	50	19	3	(5630)
Vidaregåande skule	100	15	44	32	8	(9501)
Høgskule/universitet	100	6	23	45	26	(3914)
<b>Familietype 1985</b>						
Begge foreldra med same adresse som barnet	100	14	42	33	11	(16211)
Ein av foreldra med same adresse som barnet	100	29	41	23	6	(3678)
<b>Gjennomsnittlig utdanningsnivå i bustadkommune, prosent andel med univ/høgskuleutdanning</b>						
Låg, opp til 18.6%	100	22	52	23	4	(3663)
Middels, 18.7–26.6%	100	19	48	28	6	(6975)
Høgt, 27% og over	100	14	33	36	16	(9251)

I tabell B (sjå vedlegg 1) er det brukt logistisk regresjonsanalyse for å finne ut kva som i størst grad verkar inn på sannsynligheten for å oppnå høgskule- eller universitetsutdanning. Begge utvala er slått saman, slik at ein ny variabel fangar opp verknaden av å høyre til det ein eller andre utvalet. Det er også

denne variabelen som i størst grad er avgjerande for sjansane til å oppnå høgare utdanning (Odds-rate = 0,28).

Tabell 4 og 5 over viste at familiebakgrunn og bustadkommune betyr mykje for kva som blir den høgaste fullførte utdanninga. Dette bekreftast av den multivariate analysa der begge utvala er slått saman (tabell A). Elles er familietilhøve, foreldras utdanningsnivå og utdaningsnivå i bustadskommunen klart statistisk sikre samanhengar.

I den statistiske modellen inngår såkalla samspelsledd for å avgjere om familiebakgrunnen og bustadskarakteristika for foreldre med barn som har fysisk funksjonsnedsetjing skil seg frå det som er hovudeffekten. Resultata (ikkje vist i tabellen) tyder på at det er fleire avvik. Mors utdanning har ein noko svakare statistisk innverknad på utdanningsnivået, mens det at far har høgare utdanning ikkje verkar inn på barnets sjansar til å få høgare utdanning.

Det viktigaste avviket gjeld utdaningsnivå i bustadkommunen. Eit høgt utdanningsnivå verka i større grad positivt inn på sjansane til å ende opp med høgare utdanning for utvalet samanlikna med befolkninga for øvrig.

## 4 Yrkesdeltaking: utdanning avgjerande

Forskjellen mellom dei to utvala må karakteriserast som ein kontrast på same måte som for utdanning. Mens 13 prosent var utanfor arbeidsmarknaden i befolkninga for øvrig, gjaldt dette 64 prosent i utvalet (tabell 5). For begge utvala er det slik at utdanningsnivået er avgjerande for graden av deltaking i arbeidsmarknaden (sjå figur 1). For dei med høgast utdanning er variasjonen mellom dei to utvala minst dersom ein reknar i absolutte forskjellar. I desse gruppene var det 22 og 6 prosent som ikkje var yrkesaktive. Dersom ein ser på gradienten i yrkesdeltaking etter utdanningsnivå, kan denne sjå ut til å vere endå brattare for befolkninga for øvrig.

**Tabell 5. Personer født 1965 – 1985. Andel som ikkje var yrkesaktive i 2010. Etter alder, kjønn og utdanning. Prosent. (N)**


	Utval med fysisk funksjonsnedsetjing	Tilfeldig utval
I alt	64	13
<b>Alder 2010</b>		
25 – 30	62	15
31 – 33	65	13
34 – 37	58	12
38 – 42	68	13
43 – 45	65	13
(N)		
<b>Kjønn</b>		
Menn	60	11
Kvinner	69	15
(N)		
<b>Utdanning</b>		
Grunnskule	72	29
Vidaregåande skule	49	12
Universitet/høgskule nivå I, 14 – 17 år	29	8
Universitet/høgskule nivå II, 18 år og over	22	6

Når det gjeld sosiale forskjellar finn vi att dei same sosiale gradientane som for utdanning, men gradientane er gjennomgåande mindre tydelege. I tabell 6 er det også tatt med om foreldra var registrert som mottakarar av arbeidsløysetrygd i 1993. Arbeidsløyse hos mor ser ikkje ut til å ha verknader for seinare arbeidsløyse hos barna, mens dette ser ut til å vere tilfelle dersom far var arbeidslaus i 1993.

**Tabell 6. Personer født 1965 – 1985. Andel som ikkje var yrkesaktive i 2010. Etter alder, kjønn, utdanning, foreldres utdanning, familietype og foreldres yrkesaktivitet. Prosent. (N)**

	Utval med fysisk funksjonsnedsetjing	Tilfeldig utval
<b>Mors utdanning</b>		
Grunnskule	66	16
Vidaregåande skule	62	11
Universitet/høgskule nivå I-II	60	12
<b>Fars utdanning</b>		
Grunnskule	65	15
Vidaregåande skule	62	12
Universitet/høgskule nivå I-II	61	11
<b>Familietype</b>		
Foreldre med same bustedsadresse 1985	63	12
Foreldre hadde ikkje same bustedsadresse 1985	69	20
<b>Far arbeidslaus i 1993</b>		
Mottakar av arbeidsløysetrygd	67	17
Ikkje mottakar	63	12
<b>Mor arbeidslaus i 1993</b>		
Mottakar av arbeidsløysetrygd	63	14
Ikkje mottakar	64	13

**Figur 1. Andel som ikkje var yrkesaktive i 2010 etter høgaste fullførte utdanning i 2010. Utval med fysisk funksjonsnedsetjing og befolkninga for øvrig (referanse). Prosent.**



Som vist i tabell 5 og 6 er det forskjellen mellom dei to utvala, og sammenhengen mellom utdanningsnivå og yrkesaktivitet som i størst grad viser kva som styrer sjansane for å vere yrkesaktiv. Ei nærmare undersøking (multivariat regresjonsanalyse, sjå vedlegg 1. tabell C) viste at den sterkaste korrelasjonen mellom yrkesdeltaking og familiebakgrunn var knytt til å ha budd hos begge eller berre den eine av dei biologiske foreldra. Arbeidsløyse hos far var også statistisk signifikant, det same gjaldt til ein viss grad lågt utdanningsnivå hos mor.


Analysen kunne ikkje bekrefte at mønsteret som vist i tabellane over var forskjellig i dei to populasjonane. Det var ikkje påvist nokon signifikante samspelseffektar.

## 5 Inntekt

Når det gjeld inntektsnivået for utvalet er dette om lag ein tredjedel lågare enn tilfellet er for befolkninga for øvrig. I figur 2 er inntektsnivået delt inn etter alder og yrkesaktivitet. Eit viktig spørsmål er korleis inntektsnivået er for mindretalet av dei som har funksjonsnedsetjing som også er yrkesaktive. Figuren viser at nivået for desse ligg klart under yrkesaktive i befolkninga for øvrig, og viser heller ingen tendens til å auke over tid.

Spriket mellom yrkesaktive og dei som var utanfor arbeidsmarknaden er klart mindre for utvalet med fysisk funksjonsnedsetjing. For denne gruppa «lønner» det seg altså ikkje å vera yrkesaktiv på same måte som befolkninga for øvrig. Dette kan skuldast at karriereutviklinga ikkje er den same for dei som har fysisk funksjonsnedsetjing, dessutan er det kjent at innslaget av deltidsarbeid er høgt hos denne gruppa.

**Figur 2. Samla inntekt i 2009 etter alder. Etter grad av integrasjon i arbeidsmarknaden i 2009. Utval med fysisk funksjonsnedsetjing og befolkninga for øvrig (referansepopulasjon).**




Som venta speglar variasjonane i yrkesaktivitet i stor grad dei mønstra vi finn når det gjeld familiebakgrunn og inntektsnivå. Samanhengane er gjennomgåande svake, familiebakgrunn er i liten grad eigna til å forstå inntektsnivået i vaksen alder, samtidig som det er statistisk sikre samanhengar mellom til

dømes arbeidsløyse hos far og det å bu saman med den eine av foreldra (sjå vedlegg 1, tabell C).

Den multivariate analysa kunne ikkje vise til nokon samspelseffektar (sjå vedlegg 1, tabell C), med unnatak av aldersprofilen som er vist i figur 2, og som også ga eit statistisk sikkert resultat.

Figur 3 viser korleis inntektsnivået er bestemt av utdanningslengde. Gradienten for dei to utvala er temmelig lik. Når ein skal vurdere forskjellen i det samla inntektsnivået mellom dei to utvala må ein ta omsyn til at fleirtalet av dei som har fysisk funksjonsnedsetjing har grunnskule som høgaste fullførte utdanning.

**Figur 3. Gjennomsnittlig inntekt i 2009 etter høgaste fullførte utdanning i 2010. Kroner**



**Tabell 7. Gjennomsnittlig årlig inntekt i 2009. Etter alder, kjønn, utdanningsnivå og familietilhøve.**

	<b>Tilfeldig utval</b>	<b>Fysisk funksjonsnedsetjing</b>
I alt	313637	228141
<b>Alder 2010</b>		
25 – 30	247007	218606
31 – 33	302352	231226
34 – 37	327684	232164
38 – 42	351586	229217
43 – 45	345992	232064
<b>Kjønn</b>		
Menn	349235	233359
Kvinner	276313	222391
<b>Høgaste fullførte utdanning i 2010</b>		
Grunnskule	253288	215271
Vidaregåande skule	303577	241808
Universitet/høgskule nivå I, 14 – 17 år	335750	273518
Universitet/høgskule nivå II, 18 år og over	391376	321198
<b>Mors utdanning</b>		
Grunnskule	291508	225831
Vidaregåande skule	327585	229770
Universitet/høgskule nivå I-II	322383	232040
<b>Fars utdanning</b>		
Grunnskule	303965	225448
Vidaregåande skule	312573	228861
Universitet/høgskule nivå I-II	333294	229722
<b>Familietype</b>		
Foreldre med same bustadsadresse 1985	318112	227638
Foreldre hadde ikkje same bustadsadresse 1985	292935	229882
<b>Far arbeidslaus i 1993</b>		
Mottakar av arbeidsløysetrygd	296148	227454
Ikkje mottakar	316799	230977
<b>Mor arbeidslaus i 1993</b>		
Mottakar av arbeidsløysetrygd	315091	228501
Ikkje mottakar	302684	225524

## 6 Utdanning, yrkesaktivitet og inntekt: oppsummering

Det er store kontrastar mellom befolkninga for øvrig og utvalet med fysisk funksjonsnedsetjing når det gjeld utdanning og grad av inkludering i arbeidsmarknaden. Tidlegare survey-undersøkingar har funne ein generell låg yrkesdeltaking hos representative utval med ulike typar av funksjonsnedsetjingar. Om lag 45 prosent av dei med funksjonsnedsetjing var i arbeid, mot 75 prosent for dei utan funksjonsnedsetjingar (Tøssebro 2007). Av fleire grunnar (ulik definisjon av yrkesdeltaking, utval og metodikk) er ikkje undersøkingane samanliknbare. Registerbaserte undersøkingar har ikkje fråfall, og metoden med å nytte grunn- og hjelpestønsregisteret sikrar at ein når grupper med spesifikke diagnosar. I surveyundersøkingar er det ofte betydelig fråfall som oftast inneber at dei med svakast tilknytning til arbeidsmarknaden ikkje er med (låg utdanning, høg sjukdomsfrekvens). Ein dansk studie som også var basera på registerdata kom til at 29 prosent av dei som hadde CP var yrkesaktive, mot 77 prosent i ei kontrollgruppe (Michelsen et al. 2005; Michelsen et al. 2006).

Når det gjeld inntekt samsvarar resultata i stor grad med mønstra i ei tidlegare undersøking, nemlig at menneske med funksjonsnedsetjing har eit inntektsnivå på omtrent to tredjedelar av gjennomsnittet, at forskjellen mellom funksjonshemma og andre var størst ved 40-årsalder, og minst dersom ein samanlikna grupper med høg utdanning (Hansen 2011).

Både yrkesdeltaking og inntektsnivået er klart betinga av utdanningslengde for begge utvala. Det låge utdanningsnivået spelar ei nøkkelrolle for å forstå mangelen på integrasjon i arbeidslivet for menneske med fysisk funksjonsnedsetjing (Borg 2008). Mange andre faktorar spelar sjølvst også inn, der til dømes etterspurnaden i arbeidsmarknaden diskriminerer menneske med funksjonsnedsetjing (Vedeler 2010). Ei forklaring på den særleg låge graden av deltaking i utvalet for dei med lågast utdanning kan også skuldast innretninga på den type jobbar som dei med lågast utdanning er kvalifisert for, med liten grad av fleksibilitet og tilrettelegging.

Familiebakgrunn og ikkje minst foreldras utdanning er ein viktig bakgrunn for å forstå variasjonar i høgaste fullførte utdanning som blei oppnådd for både utvalet og befolkninga for øvrig. Desse resultata er heilt i tråd med det klassiske sosiologiske bidrag (Boudon 1974) og seinare norske empiriske

studiar har vist (Andersen & Hansen 2012; Reisel 2011). Det var derimot ikkje slik at familiebakgrunn hadde større innverknad på utdanningsnivået for menneske med fysisk funksjonsnedsetjing. Også barn i utvalet med foreldre med høg utdanning hadde eit klart lågare utdanningsnivå enn befolkninga for øvrig.

Barn som budde i kommunar med eit høgt utdanningsnivå kunne sjølv vente å få ei høgare utdanning enn gjennomsnittet, uavhengig av foreldras bakgrunn. Denne samanhengen var særleg tydelig for utvalet med nedsett funksjonsevne. Delvis kan dette vere snakk om ein seleksjonseffekt, der dei som er mest motivert til å ta utdanning flyttar og vert buande i områder med eit generelt høgt utdanningsnivå. Det verkar lite sannsynlig at denne seleksjonen er sterkare for menneske med funksjonsnedsetjing. Truleg er det heller slik at menneske med funksjonsnedsetjing oftare er meir avhengige av slekt og nære omgjevnader, og dermed flyttar mindre. Det finst lite dokumentasjon om flyttemønstre for ulike grupper av funksjonshemma.

Uansett er det behov for å forklare kvifor kommunekaraktaristika verkar inn på utdanningsnivået. Dels kan det handle om offentleg infrastruktur, der helsetilbod, sosialtenester og ikkje minst skuletilbod er av betre kvalitet i område med høgt utdanningsnivå (Owens 2010). Ein annan forklaring kan ligge i interaksjonen mellom elevar. Flinke og motiverte elevar vil ofte kunne dra med seg mindre engasjerte elevar. Det kan også handle om sosiale nettverk mellom foreldre som kan ha positiv innverknad.

Dersom det er slik at kommunekaraktaristika verkar inn på sjansane til å få høgare utdanning – slik altså datagrunnlaget tyder på – er det viktig å få klarlagt mekanismane rundt dette. Resultatet er truleg eit uttrykk for at potensialet for å ta utdanning ikkje er nådd for menneske med fysiske funksjonsnedsetjingar.

Undersøkinga dokumenterer ei relativt svak lønnsutvikling for individ med fysisk funksjonsnedsetjing som faktisk var i arbeid. Ein konsekvens av denne utviklinga kan vere at motivasjonen til å vere yrkesaktiv blir mindre for menneske med funksjonsnedsetjing. Ei sentral forklaring på det låge inntektsnivået for dei som er yrkesaktive ligg i det generelt låge utdanningsnivået for denne gruppa. Sjølv om andelen som er yrkesaktive i gruppa med lågast utdanning er liten, vil det absolutte talet på yrkesaktive med låg

utdanning vere relativt høgt. Denne gruppa vil dermed aspirere til jobbar med relativt lågt utdanningsnivå. Ein kan også rekne med eit større innslag av deltidsarbeid hos gruppa med nedsett funksjonsevne.

### **UTDANNING SOM NØKKELFAKTOR**

Ein hypotese eller forventning om at familietilhøve skulle spele ei særleg viktig rolle i utdaningsløp og seinare yrkesdeltaking for menneske med fysisk funksjonsnedsetjing slo ikkje til. Foreldras utdanning og bakgrunn spela ei viss rolle, men heller svakare enn for befolkninga for øvrig. Eit hovudspørsmål er kvifor utdanningsnivået er så lågt for utvalet. Det låge utdanningsnivået peikar fram mot svak integrering i arbeidslivet og relativt svak lønnsutvikling. Sjølv om tiltak kan rettast mot etterspurnaden etter funksjonshemma i arbeidslivet, er det ingen tvil om at hendingar tidleg i livsløpet i sterk grad peikar fram mot den svake integreringa seinare i livet. Dette handlar dels om særlege læringsutfordringar som ulike grupper av funksjonshemma har, og som eit desentralisert pedagogisk tilbod i ulik grad har kompetanse til å handtere.

### **FEILKJELDER**

Det er grunn til å tru at registerundersøkingar gjer eit meir korrekt bilete av graden av inkludering samanlikna med data frå surveyundersøkingar. Dette fordi registerundersøkingar i mindre grad har fråfall, mens dei sjukaste (og minst yrkesaktive) oftare er å finne blant dei som ikkje svarar i surveyundersøkingar. I denne undersøkinga er det registeret over grunn- og hjelpestønad som er nytta til å trekke utvalet. Dette har den fordel at ein med relativt små ressursar kan identifisera spesifikke diagnostiske grupper.

Ulempa er at det ikkje er ein automatikk i tildelinga av grunn- og hjelpestønad. Det er ikkje slik at alle som kjem inn under dei vilkåra for kontantstøtte som ordninga har nødvendigvis også får stønad. Å bruke registeret inneber at eit filter alt har vore verksam. Det er nødvendig å kjenne til at ordninga finst, og det kan vere eit element av «byråkratisk kompetanse» involvera i søkeprosessen. Dette filteret kan difor virke selekterande, der dei mest utsette gruppene fell utanfor. Kva som er konsekvensane for analysane er vanskeleg å avgjere. Om eit slikt filter kan gjere sosiale forskjellar meir eller mindre tydelege veit vi ikkje, det mest sannsynlige er truleg det siste.



## DEL II:

# Erfaringar med skule og venner. Ei surveyundersøking blant foreldre til barn i grunnskulealder

---

## 1 Innleiing

Del II belyser erfaringar med integrering i grunnskule for foreldre til barn med diagnostisert fysisk funksjonsnedsetjing, definert på tilsvarende måte som for registerundersøkinga. I denne delen av prosjektet er det foreldras som er informantar, basert på ei postal surveyundersøking gjennomført våren 2012. Mens den første delen av rapporten analyserer resultatet av en integrasjonsprosess som har verka gjennom fleire tiår, tek andre del utgangspunkt i nåtidige erfaringar med skulen som arena for utvikling av barnas faglige og sosiale ressursar.

I surveyundersøkinga rettast merksemda i særleg grad mot trekk ved barnas sosiale og institusjonelle omgjevnader. Dette gjeld relasjonar til skuleleiing og hjelpeapparat, men og sosiale nettverk, geografiske tilhøve og ulike trekk ved forelda, mellom anna utdanningslengde, landbakgrunn og familietype.

Ofte vil dei variasjonane som blir observert uttrykke variasjonar i funksjonsevne. Dermed blir det ofte også vanskelegare å argumentere for at sosiale eller administrative faktorar som spelar reelle roller. Undersøkinga inkluderer difor også spørsmål belyser variasjonar i funksjonsevne og helsetilstand. I presentasjonen er det lagt vekt på å gjennomføre multivariate analyser som i best mogleg grad kontrollerer for variasjonar i funksjonsevne og behov. Variablar som fangar opp variasjonar i funksjonsevne i surveyundersøkinga er då supplera med registeropplysningar (omfang av stønadsbeløp). Foreldras vurdering av skuletrivsel og skuleprestasjonar er tidlegare undersøkt av forskarar ved NOVA (Sandbæk & West Pedersen 2010; Sandbæk 2011). Gjennom å bruke dei same spørsmåla kan dokumentere forskjellen mellom familiar med fysisk funksjonsnedsetjing og eit tilfeldig utval barnefamiljar. NOVA-undersøkinga omfatta også spørsmål om sosiale nettverk og sosial deltaking som også er nytta i denne undersøkinga. Dette var spørsmål som

vart stilt til barn, og ikkje foreldre, slik at undersøkingane ikkje er fullt ut samanliknbare.

- I kva grad skil barn med fysisk funksjonsnedsetjing seg frå eit tilfeldig utval når det gjeld skuletrivsel, skuleprestasjonar og sosial deltaking?
- Segregerte undervisningsopplegg har eit betydelig omfang i dagens skule, og representerer ein utbreidd strategi for å gje barn med særlege læringsproblem eit tilfredsstillande pedagogisk tilbod. I kva grad går barn med fysiske funksjonsnedsetjingar på nærskulen, og i kva grad er dei integrera i vanleg klasseromsundervisning?
- Kva er konsekvensane av segregerte undervisningsopplegg? Har foreldre som har barn som i liten grad er deltakande i vanleg klasseromsundervisning andre erfaringar med skuletilbodet? Og er det slik at administrative vedtak om tilpassa undervisning har konsekvensar også for kva som skjer etter skuletid når det gjeld til dømes omfang av sosiale nettverk og sosial deltaking?
- I kva grad finst det ulikskapar som er knytt til foreldras sosiale bakgrunn og eigenskaper ved bustadkommune? Er til dømes foreldras inntekt avgjerande for barnas deltaking i fritidsaktivitetar?

### **1.1 DATAGRUNNLAG**

Datagrunnlaget er dokumentera av Statistisk sentralbyrå (Pedersen & Revold 2012), som har hatt ansvaret for den praktiske innsamlinga av data. Populasjonen bestod av alle som mottok grunn- og/eller hjelpestønad med diagnosen CP, ryggmargsbrokk (spina bifida) eller andre fysiske funksjonsnedsetjingar (sjå tabell 1, del I for definisjon). Det blei identifisert 804 mødre og fedre som hadde barn som var mottakarar av stønad i 2008 og som var i grunnskulealder (mellom 6 og 16 år per 1. januar 2012).

Spørjeskjema blei samla inn i perioden april til juni 2012. Det kom inn 491 svar, ein svarprosent på 61. Dette er ein relativt høg svarprosent til å vere ei postal undersøking.

Det kan vere fleire grunner til den høge svarprosenten. Den viktigaste er truleg at ein serie med kvalitative intervju var utgangspunktet for utforming av spørsmål. At mottakarane av spørjeskjemaet opplever undersøkinga som relevant for deira livssituasjon er avgjerande for svarprosenten. Statistisk sentralbyrå hadde vidare oversikt over kven barnet budde hos, slik at

skjemaet var stila til den som hadde den daglege omsorga for barnet. Dersom far hadde den daglege omsorga var skjemaet sendt til han. I alle andre tilfelle blei skjemaet sendt til mor. Kvinner har normalt ein høgare svarprosent enn menn, slik at det var eit strategisk val å nytta mors namn i utsendinga.

Svarprosenten varierte med foreldras utdanningsnivå og om barnet budde med den eine eller begge foreldra. For barn som budde med ein av foreldra var svarprosenten 53, mens svarprosenten var 65 for familiar der begge foreldra budde saman. For foreldre med grunnskule som høgaste utdanning var svarprosenten 50, mens svarprosenten var 69 for foreldre med universitets- eller høgskuleutdanning. Ein samanlikning av brutto- og netto utval konkluderte med at variasjonane i svarprosent ikkje var store nok til at dei var statistisk signifikante (Pedersen & Revold 2012). Det var ingen variasjonar i svarprosent mellom landsdelar eller geografiske sentralitetsnivå. Også foreldre med ikkje-vestlege fødeland (netto utval = 95) hadde svarprosent omtrent på gjennomsnittet. Stønadsnivået hadde heller ikkje noko å seie for svarprosenten, slik at familiar med dei mest omfattande hjelpebehova i like stor grad svarte som andre.

Ei rekke register vart kopla til svara, dei fleste av desse opplysningane kjem frå SSBs database FD-trygd. Registerkoplingane omfatta oppgåver over foreldras høgaste fullførte utdanning, inntekt frå Skattedirektoratet, fødeland, kven av foreldra barnet budde hos, sentralitet og ulike trekk ved bustadkommunen henta frå data aggregert til kommunenivå.

## **1.2 KJENNETEIKN VED UTVALET**

Tabell 1 viser ein klar kjønnsforskjell, med ein overvekt av gutar. Det er kjent at ein diagnose som CP har ein overvekt av gutar, utan at årsakene til dette er klarlagd. Aldersprofilen viser eit relativt lite innslag av barn i 1–4 klasse. Dette kan skuldast at mange familiar først på eit seinare tidspunkt blir klar over at dei har rett på grunn- og hjelpestønad. Til saman 11 prosent hadde foreldre som var fødd i land utanfor vesten (EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand). I følgje registeropplysningane var det 28 prosent som budde hos den eine av foreldra, mens 72 prosent budde hos begge. I spørjeskjemaet blei det brukt ein annan kategorisering der 71 prosent svarte at barnet budde hos begge foreldra. I alt 24 prosent budde hos den eine av foreldra, mens 5 prosent

oppgå delt omsorg. I analysane er delt omsorg rekna som om barnet bur hos mor og far. Talet på svarpersonar i familiar som praktiserte delt omsorg var for få til å skilje mellom dei som budde hovudsakleg hos mor eller hovudsakleg hos far.

**Tabell 1. Familiar som er mottakarar av grunn- og hjelpestønad med barn i grunnskulealder per. 1 januar 2012**

<b>Kjønn</b>	
Gutar	58
Jenter	42
I alt	100
<b>Klassetrinn</b>	
1–4	21
5–7	37
8–10	42
I alt	100
<b>Forelders fødeland</b>	
Norge	84
Vesten	5
Ikkje Vesten	11
I alt	100
<b>Kven bur barnet saman med mesteparten av tida?</b>	
Mor og far	70
Mor, hovudsakleg	21
Far, hovudsakleg	3
Delt omsorg	5
Andre	0
I alt	99

Mors fødeland for barn som bur hos begge foreldra  
EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand.

### 1.3 SJUKDOM OG FUNKSJONSEVNE

Tabell 2 gjer ein oversikt over foreldras vurdering av barnets funksjonsevne, sjukdom og hjelpebehov. Tabellen viser at det er stor variasjon mellom barna. Utvalet omfattar barn som går sjølv (23 prosent), men også barn som treng rullestol som må opererast av andre (10 prosent). For eit fleirtal av barna (55%) handlar det funksjonsnedsetjingar som er lett synlege for andre. Tabell 2 viser også at 50 % av barna treng mykje ekstra hjelp i kvardagen. Foreldra til eit fleirtal (76 prosent) opplever at barnet har god eller svært god helse. Likevel slik av barna i utvalet har dårlegare helse enn eit tilfeldig utval barn. Den

nemnde undersøkinga til NOVA viste at andelen med god eller svært god helse var 94 prosent for eit tilfeldig utval (Sandbæk & West Pedersen 2010).

I tabellen er det også med ein oversikt over stønadsbeløp, 18 prosent fekk under 20 000, mens 23 prosent fekk over 80 000 i årleg grunn og hjelpestønad.

**Tabell 2. Foreldres vurdering av funksjonsevne, hjelpebehov og helsetilstand. Omfang av kontantstøtte (grunn- og hjelpestønad). Prosent (N=491)**

<b>Korleis beveger barnet seg vanlegvis</b>	
Går vanlig	23
Går vanlig, men ikkje lange distansar	17
Går, men bevegelseshemma	20
Brukar vanlegvis rullestol, men kjører sjølv	21
Avhengig av rullestol og må kjørast av andre	19
I alt	100
<b>Vil nokon som ikkje kjenner barnet med ein gong sjå at barnet er funksjonshemma?</b>	
Ja, alltid	55
Av og til	30
Nei, sjeldan eller aldri	15
I alt	100
<b>Kor mye hjelp treng barnet i kvardagen?</b>	
Omtrent som andre barn	8
Må ha noe ekstra hjelp	42
Treng mykje ekstra hjelp	50
I alt	100
<b>Korleis vurderer du barnets helse?</b>	
Svært god	26
God	50
Verken god eller dårlig	16
Dårlig	6
Svært dårlig	2
I alt	100
<b>Stønadsnivå, grunn og hjelpestønad (NOK)</b>	
Under 20 000 kr	18
20 000 – 39 999 kr	27
40 000 – 59 999 kr	15
60 000 – 79 999 kr	17
80 000 kr eller meir	23
I alt	100

Stønadsbeløpet representerer det beløpet som saksbehandlaren i NAV meinte at tilstanden til barnet kvalifiserte til. Som grunnlag for søknaden er behand-

lande lege si vurdering avgjerande. Slik sett kan ein seie at stønadsbeløpet er eit uttrykk for ei profesjonell vurdering av behova for hjelp. Foreldre kan likevel ha innverknad på søkeprosessen. I tabell 3 er det laga ei samanstilling av informasjonen som ligg i stønadsbeløpet og foreldras vurdering av fysisk funksjonsevne. Vi ser at det er eit klart samsvar, der beløpet aukar suksessivt med minkande fysisk funksjonsevne. I dei vidare analysane vil begge desse variablane stå sentralt.

**Tabell 3. Gjennomsnittlig årlig stønadsbeløp (grunn- og hjelpestønad) etter fysisk funksjonsevne.**

I alt	51283	(469)
<b>Korleis beveger barnet seg vanlegvis</b>		
Går vanlig	23636	(109)
Går vanlig, men ikkje lange distanser	37834	(79)
Går, men bevegelseshemma	45156	(95)
Brukar vanlegvis rullestol, men kjører sjølv	71768	(102)
Avhengig av rullestol og må kjørast av andre	80866	(181)
I alt		

## 2 I same klasse? Bruk av nærskulen og organisering av spesialundervisning

Om organiseringa av skuletilbodet slår opplæringslova (paragraf 8-2) fast at.. «*Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør*». Eit spørsmålet er kor langt unna eit slikt ideal barn med fysisk funksjonsnedsetjing er i dag. For grupper med store lærevanskar eller utviklingsnedsetjing har ei undersøking vist at om lag halvparten går i vanlege klassar på vanlege skular, og at segregerte undervisningsopplegg for denne gruppa er langt meir vanleg i store bykommunar (Tøssebro & Ytterhus 2005). Ei kvalitativ undersøking av foreldres erfaringar synte at det var frykt for sosial isolasjon og frykt for ressursmangel som gjorde at foreldre ikkje ville at barnet skulle gå på den lokale nærskulen (Lundby 2008).

Historisk var barn med ein diagnose som CP på byrjinga av 1950-talet plassert i institusjonar. Med nedbygging av desse blei integrering i spesialklassar meir vanleg. I dag går dei fleste på nærskulen. Ein oversikt (Kunnskapsdepartementet 2011) viser at under 2000 elevar går på spesialskular, mens litt over 4000 er plassert i spesialklassar på fulltid i vanlege skular. I tillegg var vel 1500 barn utplassert ein dag eller meir i veka til eit alternativt undervisningsopplegg. Oversikta frå departementet viser at det i dag er spesialundervisning som er det dominerande verkemiddelet som vert nytta. Nærmare ni prosent fekk spesialundervisning i 2011, ein andel som sidan 2006 har vore aukande.

### 2.1 INTEGRASJON UNDERVISNINGA OG OMFANG AV SPESIALUNDERVISNING

Tabell 4 viser fordelinga for utvalet. I alt er det 80 prosent som går på vanleg skule. Andelen på spesialskule aukar frå sju prosent i første til fjerde klasse til 17 prosent for barn i ungdomsskulealder. Det er vanskelig å avgjera om dette er uttrykk for endring over tid, eller om det skuldast at dei minste barna sjeldnare vert plassert i spesialklassar. Dei fleste spesialskulane i dag er lokalisera i dei store by-regionane.

**Tabell 4. Barn med fysisk funksjonsnedsetjing. Grad av integrasjon i grunnskule. Prosent. (N)**

	Kva slags skule går barnet på?				(N)
	I alt	Vanlig skule	Både vanlig skule og spesialskule	Spesialskule	
I alt	100	80	6	12	(489)
<b>Klassetrinn</b>					
1–4	100	86	6	7	(102)
5–7	100	82	6	11	(184)
8–10	100	75	6	17	(203)

Kva så med spesialundervisning og omfanget av denne? I undersøkinga er dette målt på fleire måtar. På direkte spørsmål svarar 62 prosent at dei får spesialundervisning (tabell 5). Tidlegare britiske studiar har vist at gutar oftare får spesialundervisning, at det er meir vanleg i høgare alderstrinn i grunnskulen, og at barn av innvandrarar oftare blir tildelt spesialundervisning (Barton 1997). Det siste ser ikkje ut til å gjelde i dette materialet, og det er heller ingen samanheng mellom alder og tildelt spesialundervisning. Foreldras utdanningslengde verkar derimot inn, andelen som fekk spesialundervisning var klart mindre dersom foreldra hadde høgare utdanning.

**Tabell 5. Andel som får spesialundervisning. Etter kjønn, mors fødeland og mors høgaste fullførte utdanning. Prosent**

I alt	62	(428)
<b>Kjønn</b>		
Gutar	66	(250)
Jenter	56	(178)
<b>Klassetrinn</b>		
1–4	60	(95)
5–7	62	(163)
8–10	63	(170)
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>		
Grunnskule	70	(70)
Vidaregåande skule	67	(160)
Universitet/høgskule nivå I–II	56	(190)

Tabell 6 gjer informasjon om korleis denne spesialundervisninga er organisert. I betydelig grad er det tale om undervisning med ein vaksen, ettersom 64 prosent svarar at barnet er saman med ei mindre gruppe barn mindre enn

halvparten av tida. I alt 21 prosent svarar at dei er saman med ein vaksen i minst halvparten av tida eller meir, mens altså kvart fjerde barn er saman med ein vaksen heile tida.

**Tabell 6. Barn som får spesialundervisning. Organisering av undervisninga.**

<b>I omtrent kor stor del av skuletida får barnet spesialundervisning saman med ei mindre gruppe barn?</b>	
Heile tida	16
Minst halvparten av tida	20
Mindre enn halvparten av tida	64
I alt (N=245)	100
<b>I omtrent kor stor del av skuletida får barnet spesialundervisning aleine/saman med ein vaksen/tilsett?</b>	
Hele tida	25
Minst halvparten av tida	21
Mindre enn halvparten av tida	54
I alt (N=248)	100

På spørsmålet «I hvor stor grad følger barnet ditt det ordinære undervisningsopplegget for klassen» ser vi at vel halvparten kan seiast å vere fullt ut integrert (tabell 7). Det er ein sterkare grad av integrering i barneskulen. Spørsmålet blei ikkje stilt til foreldre som hadde barn på spesialskule, slik at oversikta som er vist i tabellen ikkje gjeld for heile populasjonen.

**Tabell 8. Barn med fysisk funksjonsnedsetjing som går på vanlig skule. Grad av integrasjon. Prosent. (N)**

		<b>I kor stor grad følger barnet det ordinære opplæringsopplegget for klassen?</b>				
		I stor grad	I nokon grad	I liten grad	Sjeldan eller aldri	(N)
I alt	100	58	19	12	11	(429)
<b>Klassetrinn</b>						
1–4	100	63	20	13	3	(93)
5–7	100	59	20	13	8	(164)
8–10	100	55	17	11	17	(172)

6 svarte vet ikkje eller uoppgitt

I tabell 9 er resultata frå spørsmålet «I omtrent hvor stor del av skoletida er barnet sammen med en vanlig klasse?» supplert med dei som gjekk på spesialskule. I tabellen er barn på spesialskule med som eigen kategori, slik at det er mogleg å få eit inntrykk av graden av integrasjon for heile under-

søkingspopulasjonen. Under halvparten, 43 prosent, kan seiast å vere fullt ut integrera i nærskulen. For elevar i ungdomsskulen er det 38 prosent som går på vanleg skule, mens like mange (39 prosent) går på spesialskule eller er i ein vanleg klasse mindre enn halvparten av tida. Det er denne kategoriseringa som er nytta i dei vidare analysane.

Graden av segregering kan sjå ut til å variere med alder. Dette skuldast neppe at ein høgare andel får spesialundervisning ettersom dei blir eldre (sjå tabell 5). Bakgrunnen kan derimot vere at elevar i aukande grad blir tatt ut av klasserommet ettersom dei blir eldre (Wendelborg & Tøssebro 2010). Det kan også bety at omfanget av elevar som i dag byrjar i første klasse sjeldnare enn før blir innskrivne på spesialskular. Det er ein klar statistisk signifikant tendens til at barn av foreldre med høgare utdanning oftare er fullt ut integrera i vanlege klassar.


**Tabell 9. Barn med fysisk funksjonsnedsetjing. Grad av integrasjon i skulen. Prosent. (N)**

		Vanleg klasse heile tida	Vanleg klasse minst halvparten av tida	Vanleg klasse mindre enn halvparten av tida	Spesialskule	(N)
I alt	100	43	24	20	14	(491)
<b>Kjønn</b>						
Gutar	100	40	27	20	12	(283)
Jenter	100	46	20	18	15	(208)
<b>Klassetrinn</b>						
1–4	100	52	23	18	8	(102)
5–7	100	43	26	20	11	(184)
8–10	100	38	23	20	19	(205)
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>						
Grunnskule	100	36	25	26	14	(81)
Vidaregåande skule	100	37	28	21	14	(184)
Universitet/høgskule nivå I–II	100	50	21	16	13	(216)

Kva er sambandet mellom funksjonsevne og grad av integrerte undervisningsopplegg slik det er definert i tabell 5? Figur 1 gjer ein oversikt. Når det gjeld funksjonsevne målt som omfang av grunn- og hjelpestønad er det slik at beløpet aukar jo mindre eleven er integrert. Elevar på spesialskule får mest, mens dei som er fullt integrert i vanleg klasse får minst. For dei to andre måla, andelen som svarte at barnet trengte mykje ekstra hjelp i

kvardagen, og andel som brukte rullestol, er det små skilnader mellom elevar på spesialskule og elevar som er i vanleg klasse mindre enn halvparten av tida.

**Figur 1. Variasjonar i funksjonsevne etter grad av segregerte undervisningsopplegg.**



Tabell 4 viste at det var i alt 11 prosent av barna som gjekk på både vanleg skule og spesialskule. Det viser seg at dei fleste av desse elevane er i kategorien «vanlig klasse mindre enn halvparten av tida». Framleis er det 80 prosent av foreldra i denne kategorien som oppgjer at barna går på vanlig skule.

Ei tidlegare undersøking har rapportert at det særleg er i store kommunar at elevar med særlig store lærevanskar blir plassert i spesialklassar, spesialgrupper eller ein kombinasjon av vanleg skule og spesialskule. Forskarane hevdar at sambandet mellom skulesegregering og sentralitet er eit uttrykk for meir skuldast praktiske og økonomiske tilhøve og ikkje barnas behov (Tøssebro & Ytterhus 2005). Er ein liknande tendens også tydeleg i erfaringane til foreldra i denne undersøkinga? Ut frå tabell 10 kan det sjå slik ut. Barn i dei minst sentrale kommunane er i praksis ikkje spesialskulelevar, mens ein av fire elevar i dei mest sentrale kommunane går på spesialskule heile eller deler av tida.


**Tabell 10. Barn med fysisk funksjonsnedsetjing. Grad av integrasjon i grunnskule. Etter bustadkommunens sentralitet. Prosent. (N)**

	Kva slags skule går barnet på?				(N)
	I alt	Vanlig skule	Både vanlig skule og spesialskule	Spesialskule	
I alt	100	81	6	13	(480)
<b>Sentralitet<sup>1</sup></b>					
Minst/Mindre sentrale	100	99	1	0	(80)
Sentrale	100	83	5	12	(84)
Mest sentrale	100	76	8	13	(316)

<sup>1</sup>Dei mest sentrale kommunane omfattar dei seks største byane og pendlingsområdet deira. Sentrale kommunar har mellom 15 000 og 50 000 innbyggjarar, også pendlingsområdet er inkludera i kategorien. Dei minst sentrale kommunane har mindre enn 15 000 innbyggjarar og ligg utanfor pendlingsområdet til større kommunar.

Ser ein derimot på ulike mål for integrering i klasseromsundervisninga, finn vi ein motsett tendens. Her er det slik at fleire i dei minst sentrale kommunane ikkje er inkludera i vanleg klasseromsundervisning (figur 2). Det er også fleire foreldre i dei minst sentrale kommunane som svarar at barnet er mottakar av spesialundervisning. Det er ikkje utan vidare slik at barn i mindre sentrale kommunar er meir inkludera i elevfellesskapet. Segregeringa tek ein annan form, nemleg som undervisning på vanleg skule, men utanfor vanleg klasseromsundervisning.

**Figur 2. Omfang av spesialundervisning og grad av integrasjon i vanlig klasseromsundervisning etter kommunenes sentralitetsnivå<sup>1</sup>. Prosent.**



<sup>1</sup>Dei mest sentrale kommunane omfattar dei seks største byane og pendlingsområdet deira. Sentrale kommunar har mellom 15 000 og 50 000 innbyggjarar, også pendlingsområdet er inkludera i kategorien. Dei minst sentrale kommunane har mindre enn 15 000 innbyggjarar og ligg utanfor pendlingsområdet til større kommunar.

### 3 Erfaringar med skulen

I analysane av foreldras erfaringar med skulen blir dei ulike tema behandla på følgjande måte: Multivariate regresjonsanalysar vert bruka til å identifisere signifikante bakgrunnsegenskapar som kan kaste lys over variasjonar innafor gruppa av barn med fysiske funksjonsnedsetjingar. Desse tabellane er ikkje med i rapporten, men dei mest signifikante samanhengane vert illustrera med tabellar eller figurar i framstillinga. Viktige bakgrunnsegenskapar er funksjonsevne og integrasjon i skulen, i tillegg til sentrale sosio-demografiske karakteristika og generelt utdanningsnivå i barnas bustadkommune.

#### 3.1 INDIVIDUELL OPPLÆRINGSPLAN

For i alt tre av fire barn oppgjer foreldra at barnet har individuell opplæringsplan (IOP). Eit sentralt føremål med planen er at foreldra skal få mulighet til å kome i inngrep med undervisninga. Foreldra blei også beden om gje si subjektive vurdering av nytten dei hadde av IOP: «I hvor stor grad opplever du at IOP er et nyttig virkemiddel for å sikre barnet ditt deltakelse og inkludering i skolen?» I alt 42 prosent svarte i stor grad, 40 prosent i noen grad mens 18 prosent var misnøgde og svarte i liten grad.

Kva er det så som kjenneteikner denne gruppa? Resultata viste få signifikante samanhengar. I nokon grad var det slik at foreldre i kommunar med eit generelt høgt utdanningsnivå sjeldnare var misnøgd. Foreldre med barn i ungdomsskulen var oftare misnøgde med IOP samanlikna med foreldre med barn i barneskulen.

#### 3.2 FYSISK TILRETTELEGGING

Tabell 11 viser at 14 prosent av foreldra oppfatta at barna i liten grad kunne bevege seg på skulens inne- og uteområder som andre. Eit fleirtal på 62 prosent meinte at barna i stor grad kunne bevege seg som andre barn. Den multivariate analysen viste at det ikkje var nokon signifikante skilnader mellom ulike grupper av foreldre når det gjaldt sosio-demografiske karakteristika, grad av segregasjon i skulen eller utdanningsnivå i bustadkommunen. Korleis foreldra svarte på spørsmålet var klart betinga av funksjonsnivået til barnet. En heilt nødvendig samanheng er det likevel ikkje. Ein god del barn som brukte rullestol kunne likevel bevege seg som andre (41 prosent for dei

som kunne kjøre, 19 prosent for dei som måtte ha hjelp til å handtere rullestol).

**Tabell 11. Respons på spørsmålet «I hvor stor grad kan barnet bevege seg rundt på skolens inne- og uteområder som andre barn?» Etter fysisk funksjonsevne. Prosent. (N)**

		I stor grad	I noen grad	I liten grad	
I alt	100	62	25	14	(485)
<b>Korleis beveger barnet seg vanlegvis</b>					
Går vanlig	100	98	2	0	(108)
Går vanlig, men ikkje lange distanser	100	87	13	0	(79)
Går, men bevegelseshemma	100	64	33	3	(94)
Brukar vanlegvis rullestol, men kjører sjølv	100	41	47	11	(97)
Avhengig av rullestol og må kjørast av andre	100	19	22	59	(86)

### 3.3 SOSIALE AKTIVITETAR I SKULENS REGI

I alt 13 prosent av foreldra meinte at barnets mulighet til å delta på dagsturar var dårleg eller svært dårlege (tabell 12). Andelen var høgare når det gjaldt idrettsdag/friluftsdag (30 prosent) samanlikna med dagsturar. Minst tilfreds var foreldra med turer som hadde overnatting, der 36 prosent meinte at mulighetene var dårlege eller svært dårlege.

**Tabell 11. Respons på spørsmålet «Hvordan opplever du ditt barns muligheter til å delta i følgende aktiviteter på skolen?» Prosent. (N)**

		Svært gode	Gode	Verken gode eller dårlege	Dårlege	Svært dårlege	(N)
<b>Turar på dagtid</b>							
I alt	100	30	40	18	10	3	(485)
<b>Idrettsdag/friluftsdag</b>							
I alt	100	17	29	25	19	11	(485)
<b>Turar med overnatting</b>							
I alt	100	19	26	19	14	22	(485)

Den multivariate analysen viste at foreldre med barn i ungdomsskolen var generelt meir misnøgd enn foreldre med barn i barneskulen. Elles var det små forskjellar, bortsett frå når det gjaldt fysisk funksjonsevne, som var klart signifikant i alle dei tre analysane. Samanhengane er illustrera i tabellen under når det gjeld deltaking i idrettsdag. Det er eit stykke att til at denne

aktiviteten blir tilgjengelig for alle, og det ser ut til at sjølv for elevar med opplagt behov for tilrettelegging (rullestol) er det eit klart mindretal av foreldra som meiner at vilkåra for deltaking er gode eller svært gode.

**Tabell 12. Respons på spørsmålet «Hvordan opplever du ditt barns muligheter til å delta i følgende aktiviteter på skolen?»**

Idrettsdag/friluftsdag							
		Svært gode	Gode	Verken gode eller dårlige	Dårlige	Svært dårlige	(N)
I alt	100	17	29	25	19	11	(485)
<b>Klassetrinn</b>							
1–4	100	25	24	18	9	24	(102)
5–7	100	21	27	19	15	18	(183)
8–10	100	15	25	19	16	25	(203)
<b>Korleis beveger barnet seg vanlegvis</b>							
Går vanlig	100	42	42	15	1	1	(108)
Går vanlig, men ikkje lange distansar	100	5	31	36	21	6	(77)
Går, men bevegelseshemma	100	13	27	32	20	9	(93)
Brukar vanlegvis rullestol, men kjører sjølv	100	8	20	28	29	15	(97)
Avhengig av rullestol og må kjørast av andre	100	13	22	17	24	23	(84)

### 3.4 FORELDRAS VURDERING AV KOMPETANSE OG SAMARBEID

Eit fleirtal av foreldra var tilfreds med kontaktlærars eller klassestyrars kompetanse i forhold til barnets behov i skulen (65 svarte meget god eller god, tabell 13). I alt ni prosent meinte at læraren hadde dårleg eller svært dårleg kompetanse. Typisk for denne gruppa var at foreldra oftare var eineforsørgjarar eller budde i kommunar med lågt utdanningsnivå. Mest signifikant var likevel integrasjon i klassen, der foreldre til barn som sjeldan eller aldri deltok i klasseromsundervisninga var særleg misnøgde (vel 18 prosent). Som det går fram av tabell 20 har foreldre som har barn på spesialskular ein relativt positiv vurdering, faktisk den mest positive.

**Tabell 13. Respons på spørsmålet «Hvordan opplever du kontaktlærers eller klassestyrers kompetanse i forhold til ditt barns behov i skolen?» Etter grad av integrasjon i vanlig skule. Prosent. (N)**

		Svært god	God	Verken god eller dårlig	Dårlig	Svært dårlig	(N)
I alt	100	26	39	26	7	2	(485)
<b>Grad av integrasjon i vanlig skule</b>							
Hele tida saman med vanlig klasse	100	30	38	24	8	1	(210)
Minst halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	18	47	29	6	1	(118)
Mindre enn halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	15	33	34	11	8	(92)
Går på spesialskule	100	46	40	12	2	0	(65)

Analysen av foreldras subjektive vurdering av kvaliteten i samarbeidet med skulen viste eit mønster tilsvarende vurderinga av klassestyrar/kontaktlærer (tabell 14). Igjen er det slik at busette i kommunar med eit generelt høgt utdanningsnivå er meir positive i sine vurderingar, uavhengig av sosio-demografiske tilhøve. Og igjen er det foreldre som har barn på spesialskule som er klart mest tilfreds.

**Tabell 14. Respons på spørsmålet «Hvordan opplever du samarbeidet med skolen om ditt barns skolegang?» Etter grad av integrasjon i vanlig skule. Prosent. (N)**

		Svært god	God	Verken god eller dårlig	Dårlig	Svært dårlig	(N)
I alt	100	31	48	15	5	1	(485)
<b>Grad av integrasjon in vanlig skule</b>							
Heile tida saman med vanlig klasse	100	33	46	14	7	3	(210)
Minst halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	21	55	14	3	2	(118)
Mindre enn halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	28	45	21	2	0	(92)
Går på spesialskule	100	41	48	9	2	0	(65)

### 3.5 KVART TREDJE BARN MOBBA

Kor utbreidd er mobbing som fenomen for denne gruppa? Nesten kvar tredje av foreldra har erfart at barnet er blitt mobba på skulen for funksjonsnedsetjinga si (tabell 15). Kva foreldra legg i omgrepet mobbing er ikkje klart, slik at det er vanskelig å tolka det absolutte omfanget av mobbing ettersom det ikkje er definert. Likevel kan informasjonen nyttast til å samanlikne ulike grupper.

Igjen tyder resultatet av den multivariate analysa på at foreldre som bur i kommunar med eit generelt høgt utdanningsnivå noko sjeldnare opplever mobbing. Det er også samanheng mellom grad av integrasjon i klassa og mobbing. Barn på spesialskular vert sjeldnare mobba, mens mellomgruppa som deler tida mellom vanleg klasse og spesialundervisning er mest sårbare for mobbing.

**Tabell 15. Respons på spørsmålet «Har ditt barn opplevd å bli mobbet på skolen for sin funksjonsnedsetjing?» Prosent. (N)**

		Ja	Nei	Vet ikkje	(N)
I alt	100	29	58	13	(485)
<b>Grad av integrasjon in vanlig skule</b>					
Heile tida saman med vanlig klasse	100	32	45	7	(210)
Minst halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	42	45	14	(118)
Mindre enn halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	15	64	21	(92)
Går på spesialskule	100	15	63	22	(65)

### 3.6 TRIVSEL PÅ SKULEN

Samanlikna med NOVA-undersøkinga (tilfeldig utval) er det klart færre som trivst svært godt (35 mot 57 prosent i kontrollutvalet). I alt 20 prosent av foreldra som har barn med nedsett funksjonsevne, opplever at barna ikkje trivst på skulen. Dei svarte passe, dårleg eller svært dårleg på spørsmålet «Hvordan tror du barnet trives i klassen sin?» (tabell 16). Få gav uttrykk for direkte mistrivsel hos barnet (4 prosent). Ein nærmare analyse av kva som var typisk for dei 20 prosentane som rapporterte lågast grad av trivsel, viste signifikante forskjellar når det gjaldt integrasjon og trivsel. Mistrivselen var særleg høg hos den gruppa som var mindre enn halvparten av tida i klassen sin

(36 prosent mot 13 prosent for den gruppa som hele tida var saman med klassen).

Også i denne analysen viste det seg at foreldre i kommunar med høgt utdanningsnivå hadde meir tilfredse barn.

**Tabell 16. Utval barn med fysisk funksjonsnedsetjing som går på vanlig skule. Foreldre-rapportert skuletrivsel. Prosent (N).**

	Respons på spørsmålet «Hvordan tror du barnet trives i klassen sin? Tror du han/hun trives ..»						(N)
	I alt	Svært godt	Godt	Passe	Dårlig	Svært dårlig	
I alt, tilfeldig utval <sup>1</sup>	100	57	33	9	0	1	(235)
I alt	100	35	45	16	3	1	(483)
<b>Grad av integrasjon in vanlig skule</b>							
Heile tida saman med vanlig klasse	100	43	44	12	1	0	(209)
Minst halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	32	46	16	6	1	(118)
Mindre enn halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	17	47	29	6	1	(91)
Går på spesialskule	100	46	40	11	2	2	(65)

<sup>1</sup>Henta frå NOVAS undersøking av levekår i låginntektsfamiliar (Sandbæk and West Pedersen 2010), upublisert materiale. Gjeld barn 6 – 12 år, foreldrerapportert vurdering av skuleprestasjonar.

### 3.7 FORELDRAS VURDERING AV BARNETS FAGLIGE NIVÅ

Ikkje uventa skil foreldras vurdering av barnets skuleprestasjonar seg klart frå eit tilfeldig utval slik det kjem fram i den tidlegare refererte NOVA-undersøkinga. Tabell 17 syner også at det er store kontraster når det gjeld barn med ulike grader av integrasjon og foreldras vurdering av faglig nivå.

Det er særlig barn som går på vanleg skule, men er mindre enn halvparten av tida i klassen, som opplever at barna presterer svakare enn andre barn. Heile 68 prosent av foreldra i denne gruppa meinte at barna presterte under middels. Også elevar på spesialskule kjem betre ut enn denne gruppa. Det er ikkje overraskande at barn med dei mest segregerte undervisninga presterer dårligast, ettersom dei er mottakarar av spesialundervisning fordi dei har lærevanskar. I kva grad vil spesialundervisninga føre til at desse elevane kjem opp på eit nivå med gjennomsnittet? Dette spørsmålet kan ikkje undersøkinga gje svar på, fordi elevar som får ei ønska utvikling truleg vert tatt ut av segregerte undervisningsopplegg. Dels vil det vere det same

som blir målt – barnets faglige nivå – frå to ulike kjelder, nemlig foreldra og skulen. Det kan likevel ikkje utelukkast at tabellen også avdekkjer manglande suksess for segregerte undervisningsopplegg.

**Tabell 17 Respons på spørsmålet «Hvordan synes du barnet gjør det faglig på skolen? Vil du si ...»**

		Svært godt	Godt	Middels	Under middels	(N)
I alt, tilfeldig utval <sup>1</sup>	100	44	38	16	2	(235)
I alt	100	18	30	23	30	(462)
<b>Klassetrinn</b>						
1–4	100	25	30	21	30	(97)
5–7	100	19	32	22	29	(173)
8–10	100	12	27	26	30	(192)
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>						
Grunnskule	100	14	30	17	38	(76)
Vidaregåande skule	100	15	26	30	30	(172)
Universitet/høgskule nivå I–II	100	21	32	20	27	(211)
<b>Grad av integrasjon i vanlig skule</b>						
Heile tida saman med vanlig klasse	100	31	40	22	7	(208)
Minst halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	10	24	29	37	(115)
Mindre enn halvparten av tida saman med vanlig klasse	100	1	14	17	68	(90)
Går på spesialskule	100	9	27	27	38	(56)
<b>Korleis beveger barnet seg vanlegvis</b>						
Går vanlig	100	26	33	22	19	(108)
Går vanlig, men ikkje lange distansar	100	18	38	24	19	(78)
Går, men bevegelsehemma	100	14	25	29	32	(93)
Brukar vanlegvis rullestol, men kjører sjølv	100	18	28	22	31	(99)
Avhengig av rullestol og må kjørast av andre	100	10	24	11	54	(70)

<sup>1</sup>Henta frå NOVAS undersøking av levekår i låginntektsfamiliar (Sandbæk and West Pedersen 2010), upublisert materiale. Gjeld barn 6 – 12 år, foreldrerapportert vurdering av skuleprestasjonar.

Dersom spesialskular representerer det mest segregerte undervisningsopplegget med dei antatt svakaste elevane, er det overraskande at denne gruppa kjem betre ut enn dei som hadde den mest segregerte undervisninga i vanleg skule. Dette kan skuldast ein metodisk artefakt, der foreldra vil jamføre sine forventningar med andre i same situasjon. Foreldre til barn med

funksjonsnedsetjing på vanlege skular har ei anna referansegruppe å vurdere barnet mot. Men igjen kan det sjølvsagt ikkje utelukkast at spesialskular faktisk fungerer betre.

Foreldras vurdering av skuleprestasjonar varierte også med sosial bakgrunn, funksjonsevne og skuletrinn. I ein multivariat analyse er ikkje desse samanhengane lenger signifikante, mens integrasjonsvariablane blir ståande som det som styrer variasjonar i foreldras vurdering. Dette betyr, som vi har sett, at segregert undervisning er mindre vanleg i kommunar med høgt utdanningsnivå og i familiar der mor har høgare utdanning.

### **3.8 FORELDRAS FORVENTNINGAR TIL BARNETS UTDANNINGSLØP**

Forventningar til kva barnet kan oppnå spelar ein sentral rolle i utdanningsløpet (Davis-Kean 2005; Seginer 1983). Det kan dreie seg om forventningar både hos foreldre og i skulesamanheng. Forventningane til kva barn med funksjonsnedsetjingar kan lære har endra seg mykje, det var ikkje før byrjinga av 1950-talet at barn med CP i det heile tatt fekk eit offentleg undervisningstilbod. Ut frå tabell 18 under kan det sjå ut til at foreldre med høg utdanning har klart høgare forventningar til sine barn, i alt 47 prosent trur at også barna vil få ei høgare utdanning. Denne andelen er 26 prosent for foreldre som har grunnskule eller vidaregåande som høgaste fullførte utdanning. Funksjonsevne, alder og i nokon grad bustadkommune ser og ut til å ha innverknad på forventningar.

Grad av integrasjon er heilt avgjerande. Tiltrua til at barnet vil ta ei høgare utdanning er minimal for barn som er mindre enn halvparten av tida i klassen (2 prosent), mens 66 prosent av dei som er integrera i klassen på fulltid trur at dei vil greie å ta ei høgare utdanning.

Mønsteret som gjaldt vurdering av skuleprestasjonar liknar forventningar, ettersom dei som gjeng på spesialskule kjem betre ut.

I den multivariate analysa av forventningar var det også slik at integrasjonsvariabelen var den einaste som blei ståande att som signifikant.

**Tabell 18. Respons på spørsmålet «Hvor lang utdanning tror du barnet vil oppnå?»  
Prosent. (N)**

		Grunnskule	Vidare- gåande	Universitet/ Høgskule	
I alt	100	17	47	36	(462)
<b>Klassetrinn</b>					
1–4	100	25	35	40	(97)
5–7	100	19	41	40	(173)
8–10	100	12	56	32	(208)
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>					
Grunnskule	100	22	52	26	(73)
Vidaregåande skule	100	17	55	27	(172)
Universitet/høgskule nivå I–II	100	15	38	47	(208)
<b>Gjennomsnittlig utdanningsnivå i bustadkommune</b>					
Lågt	100	20	44	35	(99)
Middels	100	20	46	34	(184)
Høgt	100	13	46	41	(178)
<b>Grad av integrasjon i vanlig skule</b>					
Heile tida	100	3	31	66	(206)
Minst halvparten av tida	100	15	59	27	(116)
Mindre enn halvparten av tida	100	47	51	2	(86)
Spesialskule	100	28	69	4	(54)
<b>Korleis beveger barnet seg vanlegvis</b>					
Går vanlig	100	8	43	49	(97)
Går vanlig, men ikkje lange distanser	100	10	37	53	(79)
Går, men bevegelseshemma	100	16	53	31	(91)
Brukar vanlegvis rullestol, men kjører sjølv	100	16	46	38	(94)
Avhengig av rullestol og må kjørast av andre	100	39	52	8	(71)

## 4 Etter skuletid: sosial deltaking og vennenettverk

Tidlegare studiar har vist at barn med fysiske funksjonsnedsetjingar er meir utsett for avvising og sosial isolasjon, sjølv om funksjonsnedsetjinga er relativt mild (Yude, Goodman, & McConachie 1998). Ettersom mangelfull sosial deltaking i barndommen har konsekvensar for psykisk helse seinare i livet, er det ei viktig oppgåve å finne ut kven som er utsett, og kvifor det er slik. Litteraturen finn også at barn med fysiske funksjonsnedsetjingar er mindre aktive i fritidsaktivitetar, og at aktivitetane i større grad er heimebaserte. Funksjonsevne og kognitive eigenskapar er sentrale for å forstå variasjonar i sosial deltaking, det same er kjønn og ikkje minst alder (Imms 2008; Pratt 2008; Bult 2011; Shikako-Thomas 2008). Ungdommar er meir utsett for sosial isolasjon samanlikna med mindre barn. Tidlegare studiar har også vist at fattigdom verkar inn på sosial deltaking (Horgan 2009; Aaboen Sletten 2011)

Sosial deltaking, sosial inkludering og sosial integrasjon er dei omgrepa som oftast er blitt bruka i studiar av interaksjon mellom elevar med spesielle behov og den øvrige elevgruppa (Koster et al. 1997).

Eit viktig bidrag i forståinga av variasjonar i omfanget av sosial deltaking i fritida fokuserer på konsekvensane av segregerte undervisningsopplegg i skulen (Wendelborg & Kvello 2010). Forfattarane konkluderer at segregerte undervisningsopplegg minkar sjansane for sosial deltaking i fritida. Det er også slik at sosial deltaking i fritida verkar tilbake på skuleprestasjonar (Lauer 2006; Durlak 2010).

### 4.1 KVEN HAR NÆRE VENNER?

To spørsmål i undersøkinga tok opp vennskap, dels eit direkte spørsmål om bestevenn, og eit spørsmål om kven barna var saman med på fritida. Det var 36 prosent som ikkje hadde ein eller fleire bestevenner, mens nesten halvparten av foreldra svarte at barnet ikkje så ofte var saman med venner i fritida (Tabell 19). I tråd med tidlegare undersøkingar viser tabellane at den sosiale isolasjonen aukar med alder. Det ser ut til å vere små kjønnsforskjellar.

**Tabell 19 Respons på spørsmålet «Har barnet en bestevenn» etter kjønn og alderstrinn. Prosent. (N)**

	I alt	Ja, har ein spesiell bestevenn	Ja, har fleire bestevenner	Nei	
I alt	100	25	39	36	(480)
<b>Kjønn</b>					
Gutar	100	22	40	38	(277)
Jenter	100	28	37	35	(204)
<b>Klassetrinn</b>					
1–4	100	19	51	30	(99)
5–7	100	25	39	36	(183)
8–10	100	27	33	40	(199)

**Tabell 20. Respons på spørsmålet « Hvem pleier barnet å være sammen med på fritiden? Er det..» etter kjønn/klassetrinn. Prosent (N).**

	I alt	Ein eller to faste venner	Ei gruppe vener som held saman	Nokså tilfeldig kven barnet er saman med	Er ikkje så ofte samen med venner i fritida	(N)
I alt	100	29	17	7	47	(473)
<b>Kjønn</b>						
Gutar	100	27	17	8	49	(273)
Jenter	100	31	17	7	47	(200)
<b>Klassetrinn</b>						
1–4	100	32	19	14	34	(99)
5–7	100	32	12	7	49	(180)
8–10	100	24	20	5	52	(194)

I ein multivariat analyse er det sett nærmare på kva som kjenneteiknar to kategoriar:

- dei som svarte at barnet ikkje så ofte var saman med venner i fritida,
- dei som ikkje hadde ein eller fleire bestevenner.


Modellen hadde med to mål for funksjonsevne (stønadbeløp og evne til å bevege seg), alder, kjønn, foreldras inntekt, mors utdanning, mors fødeland, om barnet budde aleine med ein av foreldra og utdanningsnivå i bustadskommunen. I tillegg var skulesegregasjon med i modellen.

Begge analysane viste at det var segregasjonsvariabelen som var utslagsgjevande for graden av sosial isolasjon. Figur 3 illustrerer desse samanhengane. Det var særleg i analysen av dei som ikkje hadde nokon bestevenn der segregasjonsvariabelen nesten aleine var signifikant. Unnataket var dei

som brukte rullestol som måtte kjørast av andre, som viste seg å ha ein så vidt signifikant sannsynlighet for ikkje å ha ein bestevenn.

Typisk for dei som ikkje var så ofte saman med venner i fritida – i tillegg til at dei ofte var med i segregerte undervisningsopplegg – var at familiane hadde låg inntekt og fekk høge stønadsbeløp.

**Figur 3. Vennenettverk etter grad av segregerte undervisningsopplegg. Prosent.**



#### 4.2 DEN UORGANISERTE FRITIDA

Når skulen er slutt er det vanlig at barn blir med heim til kvarandre. Ein tidlegare undersøking har vist at den fritidsaktiviteten barn brukar mest tid på er å vere heime hos venner (Brusdal & Lavik 1991). Tabell 21 og 22 gjer ein oversikt over omfanget av denne aktiviteten for barn med fysiske funksjonsnedsetjingar. I alt var det 62 prosent som sjeldnare enn ein dag i veka hadde venner med heim, mens 73 prosent sjeldnare enn ein dag i veka var med venner heim. Desse resultata skil seg klart frå det som er erfaringane til eit tilfeldig utval barn, der berre 15 prosent svarte at dei sjeldnare enn ein dag i veka var med nokon heim eller hadde besøk (Stefansen 2004). I det tilfeldige utvalet er det barna sjølv som har svart. Fordelinga er derfor ikkje heilt samanliknbar. Likevel er det ingen tvil om at det er ein betydelig kontrast mellom barn flest og barn med fysiske funksjonsnedsetjingar. Ei tidlegare undersøking har også vist at barn med funksjonshemmingar er mindre

deltakande (Grue 1998), men forskjellane er langt mindre i det som kjem fram i undersøkinga til Grue samanlikna med resultatata i tabell 19 og 20.

Det er overraskande mange av foreldra som har nytta kategorien «Aldri» som svar, 24 prosent på spørsmål om kor ofte barnet har venner heime hos seg sjølv, og 40 prosent på spørsmålet om å vere med venner heim. Som for spørsmåla om nære venner er det ein tendens til at den sosiale isolasjonen aukar med alder.

**Tabell 21. Utval barn med fysisk funksjonsnedsetjing. Sosial deltaking/nettverk etter alder/klassestrinn. Respons på spørsmålet «Hvor ofte har barnet venner hjemme hos seg selv?» Prosent (N).**

	I alt	Kvar dag	Fleire dagar i veka	Ein dag i veka	Sjeldnare enn ein dag i veka	Aldri	(N)
I alt	100	3	22	15	38	24	(482)
<b>Klassestrinn</b>							
1–4	100	4	31	17	28	19	(99)
5–7	100	2	22	16	39	22	(181)
8–10	100	2	17	12	42	27	(202)

**Tabell 22. Utval barn med fysisk funksjonsnedsetjing. Sosial deltaking/nettverk etter alder/klassestrinn. Respons på spørsmålet «Hvor ofte er barnet med venner hjem». Prosent (N).**

	I alt	Kvar dag	Fleire dagar i veka	Ein dag i veka	Sjeldnare enn ein dag i veka	Aldri	(N)
I alt	100	1	14	11	33	40	(470)
<b>Klassestrinn</b>							
1–4	100	0	21	15	29	35	(100)
5–7	100	1	11	13	37	38	(174)
8–10	100	2	12	8	33	45	(196)

I NOVAs tidlegare undersøkingar var ein blant anna oppteken av innvandrarar og familiar med låg inntekt. Ein gjennomgang av studiar av fattigdom og sosial deltaking fann at det var relativt svake samanhengar mellom fattigdom og uorganiserte fritidsaktivitetar i Norge, mens resultat frå fleire svenske undersøkingar viste robuste samanhengar (Aaboen Sletten 2011). I dette materialet er det fokusert på to kategoriar,

- dei som sjeldnare enn ein dag i veka hadde med venner heim,
- dei som sjeldnare enn ein dag i veka var med venner heim.

### **4.3 Å HA BESØK AV VENNER**

Den empiriske modellen nyttar dei same bakgrunnsvariablane som analysane av vennenettverk. Tabell 23 syner resultata frå analysen av kva som er typisk for dei barna som opplever liten grad av sosial deltaking, det vil seie at dei sjeldan eller aldri er med nokon heim etter skuletid. Igjen er det integrasjon i skuleundervisninga som er samanhengen som peikar seg ut som den statistisk sett klart viktigaste. I tillegg er det barn som har fått lågt stønadsbeløp som utmerkar seg med klart meir omfattande deltaking. Høg inntekt og utdanning hos mor peikar mot meir deltaking, men er ikkje signifikant i den multivariate analysen.

**Tabell 23. Sosial deltaking. Logistiske regresjonsmodellar for sannsynlighet for vere med nokon heim sjeldnare enn ein dag i veka.**

	Odds-rater	Justerte odds-rater
<b>Klassetrinn</b>		
1–4	1	1
5–7	1,71*	1,53
8–10	2,44***	1,97*
<b>Familiestatus</b>		
Bur med begge foreldra	1	1
Bur med ein av foreldra	1,39	1,01
<b>Mors fødeland</b>		
Vesten	1	1
Ikkje vesten	1,42	1,53
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>		
Grunnskule	1	1
Vidaregåande skule	0,82	0,95
Høgskule/universitet	0,58*	1,00
<b>Foreldras inntekt<sup>1</sup></b>		
Låg (Q1)	1	1
Låg/middels (Q1)	0,73	0,72
Høg/middels (Q1)	0,76	0,88
Høg (Q1)	0,51*	0,63
<b>Gjennomsnittlig utdanningsnivå i bustadkommune, prosent andel med univ/høgskuleutdanning</b>		
Låg, opp til 18.6%	1,14	1,30
Middels, 18.7–26.6%	1	1
Høgt, 27% og over	0,87	0,91
<b>Grad av integrasjon i vanleg skule</b>		
Heile tida i vanleg klasse	1	1
Minst halvparten av tida	2,43***	2,08**
Mindre enn halvparten av tida	17,12***	10,21***
Spesialskule	15,22***	14,46***
<b>Korleis beveger barnet seg vanlegvis<sup>2</sup></b>		
Går vanlig	1	1
Går vanlig, men ikkje lange distansar	1,08	1,06
Går, men bevegelseshemma	2,5**	1,91
Brukar vanlegvis rullestol, men kjører sjølv	1,14	1,24
Avhengig av rullestol og må kjørast av andre	3,62**	1,98
<b>Stønadsbeløp, grunn og hjelpestønad<sup>2</sup></b>		
Låg (1 6800 – 84360)	0,27***	0,39***
Middels (84361 – 22800)	1	1
Høgt (22810 – 108252)	1,92*	1,01

\*p < 0.05, \*\*p < 0.01, \*\*\*p < 0.001;

Mors fødeland for barn som bor hos begge foreldrene  
EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand.

<sup>1</sup>Foreldra er delt i fire like store grupper (kvartiler) etter storleiken på den samla inntekta.


<sup>2</sup>Odds-ratene for disse to variablene er vurdert samla i kolonne 1.

#### 4.4 Å VERE PÅ BESØK HOS VENNER


Ein tilsvarande analyse av kjennemerke ved dei som sjeldan eller aldri er på besøk hos venner etter skuletid viste at det også for denne gruppa var segregering i skulesituasjonen den eigenskapen som klarast peikar ut elevar med lite sosial kontakt. Imidlertid er indikatorar på funksjonsevne klart meir viktige variablar for sannsynligheten for å vere med heim til andre. Det verkar rimelig at det er vanskeligare for barn som har vanskar med å bevege seg å besøke andre enn det er å ha besøk. Om dette er «rimelig» i meir normativ tyding er meir tvilsamt. For elevar som var avhengige av rullestol som måtte kjørast av andre svarte heile 91 prosent av foreldra at barna aldri var med venner heim. Dette vil i mange tilfelle handle om elevar som er avhengige av tilrettelagde transporttilbod. Ofte vil regelverket for bruk av slike ordningar berre tillate kjøring til heimstadsadressa. Regelverket inneber også at det berre er den som bur på heimstadsadressa som kan bli med. Sjølv om det ikkje er tilsikta, kan regelverket ha ein negativ innverknad på sosial deltaking.

Figur 4 og 5 illustrerer dei to viktigaste samanhengane frå dei statistiske analysane. Det er segregasjonen i skulen som i høgast grad styrer omfanget av sosial deltaking. Samanhengen mellom funksjonsevne og deltaking i figur 5, målt som sannsynlighet for å ha med nokon heim, var faktisk ikkje signifikant i den multivariate analysen (sjå tabell 23 over).

**Figur 4. Deltaking i vennenettverk etter grad av segregerte undervisningsopplegg. Prosent.**



**Figur 5. Deltaking i vennenettverk etter fysisk funksjonsevne. Prosent**



#### 4.5 ORGANISERTE FRITIDSAKTIVITETAR

I den tidlegare refererte undersøkinga frå NOVA var det 28 prosent som svarte at dei aldri sjeldan eller aldri deltok i organiserte fritidsaktivitetar i form av trening i klubb eller foreining (Sandbæk & West Pedersen 2010), s. 166. Spørsmålet som er stilt i undersøkinga er ikkje heilt samanliknbart, «Deltar barnet på organiserte gruppeaktiviteter utenom skoletid? Vi tenker her på idrett, spill, musikk eller lignende». Det var 39 prosent som svarte nei på spørsmålet. Kven er det så som i særleg grad ikkje er med på organiserte fritidsaktivitetar? Resultata som er presentert i tabell 24 skil seg frå analysane av den uorganiserte ved at foreldras inntekt og utdanning spelar ein klar rolle. Tabell 24 kan summerast opp slik:

- Barn i familiar med låg inntekt er klart mindre deltakande (sjå figur 6). Mens 61 prosent av foreldra i den lågaste inntektskvartilen svarte at dei ikkje deltok, var det 28 prosent av foreldra i den høgaste inntektskvartilen som svarte det same. Utan å ha heilt samanliknbare data tilgjengelig kan det sjå ut som at inntekt verkar meir differensierande på deltaking for dette utvalet samanlikna med låginntektsgrupper NOVA tidlegare har undersøkt (Sandbæk & West Pedersen 2010).

- Utdanningsnivå hos foreldre har innverknad, for barn av foreldre med universitets- eller høgskuleutdanning var det 24 prosent som ikkje deltok, mot 61 prosent blant foreldre som hadde grunnskule som høgaste fullførte utdanning.
- Uavhengig av foreldras inntekt og utdanningsnivå er det slik at barn som bur i kommunar med eit generelt høgt utdanningsnivå er oftare med på organiserte fritidsaktivitetar.
- Barn som brukar rullestol dei ikkje kan styre sjølv er klart overrepresentert blant dei som ikkje deltar.
- Skulesegregasjon har ein viktig sjølvstendig innverknad på deltaking, der deltakinga minkar med aukande grad av segregering.

**Tabell 24 Logistiske regresjonsmodellar for sannsynlighet for deltaking i organiserte fritidsaktivitetar.**


	Odds-rater	Justerte odds-rater
<b>Klassetrinn</b>		
1–4	1	1
5–7	0,79	0,68
8–10	0,64	0,65
<b>Familiestatus</b>		
Bur med begge foreldra	1	1
Bur med ein av foreldra	0,67	0,82
<b>Mors fødeland</b>		
Vesten	1	1
Ikkje vesten	0,74	0,78
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>		
Grunnskule	1	1
Vidaregåande skule	1,80*	1,19
Høgskule/universitet	5,08***	2,57**
<b>Foreldras inntekt</b>		
Låg (Q1)	1	1
Låg/middels (Q1)	2,32**	2,01*
Høg/middles (Q1)	3,77***	3,29***
Høg (Q1)	4,05***	2,87**
<b>Gjennomsnittlig utdanningsnivå i bustadkommune, prosent andel med univ/høgskuleutdanning</b>		
Låg, opp til 18.6%	0,86	0,95
Middels, 18.7–26.6%	1	1
Høgt, 27% og over	2,03***	2,44***
<b>Grad av integrasjon i vanlig skule</b>		
Hele tida i vanlig klasse	1	1
Minst halvparten av tida	0,55*	0,51*
Mindre enn halvparten av tida	0,27***	0,40**
Spesialskule	0,29***	0,41*
<b>Korleis beveger barnet seg vanlegvis<sup>2</sup></b>		
Går vanlig	1	1
Går vanlig, men ikkje lange distansar	0,79	0,70
Går, men bevegelseshemma	0,65	0,81
Brukar vanlegvis rullestol, men kjører sjølv	0,94	1,00
Avhengig av rullestol og må kjørast av andre	0,24***	0,25**
<b>Stønadsbeløp, grunn og hjelpestønad<sup>2</sup></b>		
Låg (1 6800 – 84360)	0,95	0,69
Middels (84361 – 22800)	1	1
Høgt (22810 – 108252)	0,74	0,84

\*p < 0.05, \*\*p < 0.01, \*\*\*p < 0.001

Mors fødeland for barn som bor hos begge foreldrene  
EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand.

<sup>2</sup>Odds-ratene for disse to variablene er vurdert samla

**Figur 6. Deltaking i organiserte fritidsaktivitetar etter inntekt. Andel som ikkje deltar på gruppeaktiviteter (idrett, spill, musikk eller liknande) utanom skuletid etter inntekt. Prosent.**



## 5 Oppsummering.

- Barn med fysisk funksjonsnedsetjing er kjenneteikna av ein større grad av mistrivsel på skulen og svakare skuleprestasjonar samanlikna med eit tilfeldig utval barn. Også den sosiale deltakinga er klart mindre enn for andre barn. Barna hadde sjeldnare venner, og deltok i mindre grad i uformelle samanhengar som besøk heime hos kvarandre enn det som var vanleg blant eit tilfeldig utval barn.
- Ein betydelig del av undervisningstilbodet til barn med fysiske funksjonsnedsetjingar handlar om spesialundervisning utanfor vanleg klasseromsundervisning. Målsettinga eller idealet om at undervisninga ikkje skal organiserast etter «faglig nivå» er langt unna realitetane. Mindre enn halvparten av barna (43 prosent) i utvalet tok del i klasseromsundervisninga på lik linje med andre barn. Mens 14 prosent gjekk på spesialskule, var det 20 prosent som gjekk på nærskule men var i klassen mindre enn halvparten av tida. Barn av foreldre med utdanning på universitets- eller høgskulenivå var oftare integrert i vanleg klasseromsundervisning.
- Graden av segregerte undervisningsopplegg ga klare føringar på korleis foreldra opplevde samarbeidet med skulen, barnets trivsel, skuleprestasjonar og forventningar til kor lang utdanning barnet kom til å få. Foreldre til barn som deltok i klasseromsundervisninga mindre enn halvparten av tida hadde flest negative erfaringar, mens dei som hadde barn på spesialskular var dei mest positive når det gjaldt trivsel, erfaringar med mobbing og vurderingar av læraranes kompetanse.

Det som sterkast virka inn på omfanget av vennenettverk og sosial deltaking var segregasjon i undervisninga. Barn som gjekk på spesialskular eller deltok mindre enn halvparten av tida i klassen hadde relativt sjeldan ein bestevenn, og var ikkje ofte på besøk hos klassekameratar. Sjansane for deltaking i organiserte fritidsaktivitetar var også klart betinga av segregasjon i undervisninga.

Desse resultatane er i tråd også med tidlegare undersøkingar (Wendelborg & Tøssebro 2010; Wendelborg & Tøssebro 2008; Wendelborg & Kvello 2010). På denne bakgrunnen vert det drøfta om skulen, i måten undervisning til barn med spesielle behov vert organisert, sjølv bidrar til å auke den sosiale isolasjonen mange foreldre opplever at barna deira har.

- Familiar som budde i kommunar med høgt gjennomsnittleg utdanningsnivå var meir positive i sine vurderingar av undervisningstilbodet, opplevde sjeldnare at barnet blei mobba, og hadde noko høgare forventningar til kva slags utdanning barnet kom til å få. Desse samanhengane var uavhengige av foreldras eige utdanningsnivå og barnas funksjonsevne. Det var også slik at barn i familiar som budde i kommunar med høgt utdanningsnivå oftare deltok i organiserte fritidsaktivitetar.
- Foreldras sosiale bakgrunn hadde lite å seie for mange av dei utfallsmåla som blei undersøkt. Ettersom barn av foreldre med utdanning på universitets eller høgskulenivå oftare var fullt ut integrert i klasseroms-undervisninga, er det mogleg at det er ein interaksjon mellom sosial bakgrunn og segregering. Forskjellar i erfaringar mellom familiar med ulik utdanningsbakgrunn vil dermed skjule seg bak dei relativt sterke samanhengane mellom segregasjon og dei ulike utfallsmåla.

Organiserte fritidsaktivitetar var den arenaen der sosial bakgrunn hadde den klaraste innverknaden på deltaking. Eigenskapar som foreldras inntekt og utdanningsnivå ein særleg viktig rolle på ein bestemt arena, nemleg deltaking i organiserte fritidsaktivitetar. Dette er begge eigenskapar som uavhengig av kvarandre differensierer klart mellom ulike grupper av barn, alt etter foreldras plassering på ein inntekts- eller utdanningsskala. Til dømes var det 62 prosent av barna i den nedste inntektskvartilen som ikkje deltok på organiserte fritidsaktivitetar, mot 24 prosent blant barn av foreldre i den øvste inntektskvartilen.

Undersøkinga omfatta også spørsmål om graden av deltaking på sosiale aktivitetar i regi av skulen. I alt 13 prosent meinte at høve til å delta på idrettsdag var dårleg eller svært dårleg, mens tilsvarande for turar på dagtid var 30 prosent og 36 prosent for overnattingsturar. Jo svakare funksjonsevne barnet hadde, jo mindre var sjansane for deltaking.

Foreldre som var fødd i ikkje vestlege land gav ikkje uttrykk for erfaringar som peika seg ut i nokon spesiell retning. Ungdomskule-elevar kom oftare dårlegare ut i dei bivariante analysane. Desse samanhengane var som regel ikkje signifikante i dei multivariate analysene. Den statistiske effekten av alder kan dermed sjå ut til å virke gjennom segregeringsmekanismen.

I fleire av analysane spelar funksjonsevne og stønadsbeløp inn, særleg for sjansane til å bli med nokon heim etter skuletid. Barn i ungdomsskulen står fram som meir sosialt isolerte, men den statistiske signifikansen av alder forsvinn dersom graden av segregering er med i analysen.

## 6 Merknader om inklusjons- og eksklusjonsmekanismer

I ei kunnskapsoppsummering av studiar av eksklusjon frå deltaking blant jamnaldrande vert det hevda at kvantitative studiar i liten grad tematiserer mekanismene som ligg bak og kan forklare kvifor barn og unge vert ekskludert blant jamnaldrande, og at det derfor også blir mindre tydelig kven som er aktørane i eksklusjonsprosessar (Aaboen Sletten 2011). Kvantitative studiar nyttar ofte eigenskapar som inntekt og utdanningslengde. Som regel vil det vere stor avstand mellom desse eigenskapane og dei utløyssande mekanismene. Inntekt og utdanning blir dermed «proxy» for andre eigenskapar. Meir spesifikke empiriske design kan ha større sjansar til å lukkast med å kome på sporet av mekanismar som kan forklare variasjonar i t.d sosial deltaking. Kan det vere slik at segregerte undervisningsopplegg representerer ein slik mekanisme, og at skulen sjølv blir ein sentral aktør i sosiale eksklusjonsprosessar?

### *Segregert undervisning som årsak*

Utgangspunktet er at nokre elevar har «feil» og «manglar» som spesialpedagogar og segregerte undervisningsopplegg skal rette opp. Hovudansvaret for eleven vert flytta frå det generelle læringsmiljøet i klassa over på spesialpedagogen. «Manglane» til desse elevane utløyser ei administrativ tildeling av spesialundervisning utanfor ordinær klasseromsundervisning. Måten spesialundervisninga organiserast på (segregering) får ei rekke utilsikta negative konsekvensar. Barn som ikkje trivst, som omgjevnadene ikkje har tiltru til, og som i liten grad er saman med jamnaldrande, har opplagt mindre sjansar til å kome seg vidare i utdanningsløpet etter endt grunnskule. Dersom det er liten eller ingen interaksjon mellom eleven og klassekameratane, ligg ikkje forholda til rette for å gjere avtalar om kva som skal skje etter skuletid. Segregerte elevar vil også ha eit anna erfaringsgrunnlag, dei vil i mindre grad dele dei same erfaringane som dei andre elevane, og dermed oppleve å ha eit mindre fellesskap og færre felles samtaleemne. Forsking har vist at skulen i mindre grad er ein sosial arena for elevar med funksjonshemningar, som er meir orientert mot dei læringsmessige sidene ved skulen (Grue 1999). Dette peikar mot mindre deltaking i friminutta, som utgjer ein heilt sentral sosial møteplass. Friminutta

har ikkje vore ein del av denne undersøkinga, men ein kan lett tenke seg at barn som ikkje følgjer klassen frå klasserom og påkledding og ut i skulegarden vil ha meir vanskeleg for å kome inn i leik og aktivitet.

Å segregere barn på grunnlag av fysisk funksjonsnedsetjing kan også ha konsekvensar for haldningane andre barn har. Som Kvello og Wendelborg (2010) er inne på, dersom skulen og dei vaksne signaliserer at barn med funksjonsnedsetjingar kan ekskluderast frå klasserommet, kan ein ikkje forvente at andre barn skal inkludere dei i sosiale aktivitetar i fritida eller i friminutta.

Korrelasjonane mellom segregasjon, skuleerfaringar, sosiale nettverk og sosial deltaking kan tolkast som utilsikta konsekvensar av ein etablert pedagogisk praksis. Forstått på denne måten blir den pedagogiske praksisen overfor elevar med fysiske funksjonsnedsetjingar ein ekskluderande praksis. Det er ein mulighet at det er eigenskapar ved barna som ikkje er målt, og som betre uttrykker læringsvanskar (Bottcher, Muelengrant Flacks, & Uldall 2010; Andersen 2009). Det kan vere desse eigenskapane som styrer både tildeling av spesialundervisning, men også vanskar med å etablere sosiale kontaktar. Likevel er det andre studiar peikar klart i same retning (Wendelborg & Tøssebro 2010; Wendelborg & Tøssebro 2011), og som gje grunn til å hevde at segregasjonspraksisen har negative konsekvensar.

Trivsel og forventningar er heilt sentrale grunnlag for læring. Når slike faktorar er så nært knytt til organisering av undervisninga (segregering) må ein stille seg spørsmålet om denne organiseringa er tenleg for barna. Er det slik at spesialundervisning – som i utgangspunktet skal gje eleven eit betre læringsutbytte – i dag har ei organisering som tener formålet? Ideala om full inkludering på den eine sida og spesialtilpassa undervisning på den andre er til dels fylt av motsetnader. Spørsmålet som kan reisast på bakgrunn av erfaringane til foreldra er om prinsippet om spesialtilpassa undervisning kunne praktiserast på måtar som i mindre grad ekskluderte barn frå fellesskapet i klassa. Ut frå erfaringane til foreldra i dette utvalet har ein kanskje ikkje så mykje å tape?

### *Geografisk kontekst*

Som det er dokumentert i registeranalysane i del I var sjansane til å lukkast i utdanningssystemet betre for barn som dei budde i kommunar med høgt utdanningsnivå, særleg gjaldt dette barn med fysiske funksjonsnedsetjingar. Det er klart at dette ikkje aleine handlar om ein seleksjonseffekt der dei som motiverte etter kvart flyttar til kommunar med høgt utdanningsnivå. Statistiske effektar av utdanningsnivået i kommunen finn ein igjen på fleire område i survey-undersøkinga. Å kome på sporet av kven som er aktørane bak desse samanhengane vil krevje andre undersøkingsdesign. Det finst fleire muligheiter. Kanskje vil foreldre med høg utdanning stille større krav til det offentlege tilbodet, eller det kan vere lettare å rekruttere kvalifiserte yrkesutøvarar i kommunar med høgt utdanningsnivå. Ein høg andel skuleflinke elevar kan også skape eit læringsmiljø som alle elevar tener på. Kommunar med høgt utdanningsnivå vil også ha ein relativt ung befolkning, og større fokus på behova til barnefamiljar.

### *Familiens levekår og sosiale bakgrunn*

Den klare samanhengen mellom inntekt og deltaking i fritidsaktivitetar kan tolkast som ein direkte årsak. Låginntektsfamiljar med barn som har funksjonsnedsetjingar har rett og slett ikkje råd til å gje sine barn dei same vilkåra for deltaking som andre. Foreldras utdanningsnivå spelar ein viss rolle, men oftast er det ein interaksjon mellom utdanningsnivå og graden av segregering.

At foreldre med ikkje-vestleg bakgrunn ikkje utmerkar seg på nokon som helst måte er overraskande, og resultatet er det grunn til å stille spørsmålsteikn ved. Analysen av fråfall (Pedersen & Revold 2012) viste at det ikkje var nokon forskjell i svarprosent. Dette kan tyde på at innvandrarar som er mottakarar av grunn- og hjelpestønad ikkje er representative, og at innvandrarar som har fått kontantyttingar av denne typen er betre integrert enn andre i gruppa si.

# Summary

The report documents findings from two separate empirical investigations. Part I is based on a register study, using 1985 as a baseline year. What are the chances to succeed in the educational system and labour market for children with physical disabilities, and how are their chances influenced by their family background and neighbourhood context? To answer this question, a sub-population of 1750 individuals with diagnoses related to physical disabilities (mainly cerebral palsy) was identified in official registers. The individuals were matched with registers in Statistics Norway, adding information about employment status, income and other socio-demographic variables. A random sample (reference group) with a similar age structure were constructed and matched with the same socio-demographic registers. Outcome variables included educational attainments and labour market participation in 2010, as well as income in 2009.

Individuals in the disabled sample were three times less likely to complete a university education of any duration. Although disability status is the major limiting factor, both mothers and fathers educational background influenced the chances of accomplish a tertiary education. Evidence suggests that, for disabled in particular, living in areas with a higher overall educational level benefitted their educational attainments.

A total of 36% of individuals with physical disabilities were employed, compared to 87% in the reference group. For both groups, income (in 2009) and employment prospects (2010) were to some extent negatively affected by childhood risk factors such as low parental education, father's unemployment and growing up in single parent households. Educational achievements had a strong effect on income and labour market inclusion, in particular for the disabled group. A lack of success in the educational system resulted in a permanent weak inclusion in the labour market. Individuals aged 30 to 45 years in the disability group remained at the same income levels, whereas individuals in the random sample experienced increasing income levels in the same period.

Part II of the study is based on a survey including parents that had children with physical disabilities in primary school (Net sample = 480, mainly cerebral palsy and spina bifida), in addition to information merged from a range of official registers. Less than half of the parents (43%) reported that their children participated in ordinary classroom education all of the time. About 14% attended special schools, whereas the remaining 43 % attended ordinary schools, but were more or less segregated from ordinary classroom education.

Parents of children in special schools reported an overall high satisfaction with their child's situation at school. However, children in special schools were characterized by limited social networks and infrequent social participation in after-school activities.

The degree of segregation in ordinary school affected several aspects of parental experiences of their children's situation at school. The more the child is segregated from ordinary classroom education, the lower are parental expectations for their children's future educational attainments. Other factors also significantly influenced parents' educational expectations such as how parents' view their child's performance in school, as well as various measures of the severity of the physical disability of the child. However, these factors could not account for the empirically strong association between segregation practices and parental expectations. Parental expectations were also significantly related to parent's income and own educational attainments. The findings indicate that the expectations of parents with higher income and education to a lesser extent are affected by school segregation practices.

Children that were segregated at school tended to have fewer friends, and were less integrated in both formal and informal arenas of social participation compared to children that were fully integrated in classroom education.

Children with low income parents rarely participated in formally organized after-school activities. Parents living in municipalities with a high overall level of education tended to report more positive outcomes, irrespective of their own educational background.

# Litteratur

- Andersen, G L. 2009. Cerebral Parese.
- Andersen, G L, LM Irgens, I Hagaas, JS Skranes, AE Meberg, and T Vik. 2008. Cerebral palsy in Norway: Prevalence, subtypes and severity. *European journal of paediatric neurology* 12 (1):4–13.
- Andersen, P. L., and M. L Hansen. 2012. Class and Cultural Capital--The Case of Class Inequality in Educational Performance. *European sociological review* 28 (5):607–621.
- Barton, Len. 1997. Inclusive education: romantic, subversive or realistic? . *International Journal of Inclusive Education* 1 (3):231–242.
- Blau, P, and OD Duncan. 1967. *The American occupational structure*. New York: Wiley.
- Borg, E. 2008. Funksjonshemming og arbeidsmarkedet. Om betydningen av utdanning for yrkesaktivitet. *Tidsskrift for velferdsforskning* 11 (2):83 – 95.
- Bottcher, L, E Muelengrant Flacks, and P Uldall. 2010. Attentional and executive impairments in children with spastic cerebral palsy Attentional and Executive Impairments in Children with CP. *Developmental medicine and child neurology* 52 (2):e42–e47.
- Boudon, R. 1974. *Education, opportunity, and social inequality : changing prospects in Western society*. New York: Wiley.
- Brusdal, R, and R Lavik. 1991. *Hva gjør barn og unge i fritiden? En empirisk studie av fritidsmønster blant barn og unge, Arbeidsrapport nr. 6*: SIFO.
- Bult, M. K. et. al. 2011. What influences participation in leisure activities of children and youth with physical disabilities? A systematic review. *Research in developmental disabilities* 32 (5):1521–9.
- Davis-Kean, Pamela E. 2005. The influence of parent education and family income on child achievement: the indirect role of parental expectations and the home environment. *Journal of Family Psychology* 19 (2):294.
- DiPrete, Thomas A., and Gregory M. Eirich. 2006. Cumulative Advantage as a Mechanism for Inequality: A Review of Theoretical and Empirical Developments. *Annual review of sociology* 32 (1):271–297.

- Durlak, Joseph A. 2010. A Meta-Analysis of After-School Programs That Seek to Promote Personal and Social Skills in Children and Adolescents. *American journal of community psychology* 45 (3-4):294–309.
- Grue, L. 1998. På terskelen. En undersøkelse av funksjonshemmet ungdoms sosiale tilhørighet, selvbilde og livskvalitet. NOVA Rapport 6/98.
- . 1999. *Funksjonshemmet ungdom og livskvalitet*. Ad Notam Gyldendal.
- Hansen, Inger Lise Skog. 2011. Employment of disabled people in Norway and the United Kingdom. Comparing two welfare regimes and why this is difficult. *Scandinavian journal of disability research : SJDR* 13 (2):119–133.
- Horgan, Goretti. 2009. ‘That child is smart because he’s rich’: the impact of poverty on young children’s experiences of school. *International Journal of Inclusive Education* 13 (4):359–376.
- Imms, C. 2008. Children with cerebral palsy participate: A review of the literature *Disability and Rehabilitation* 30 (24):1867–1884.
- Koster, M, K Nakken, SPJ Pijl, and Van Houten E. 1997. Being part of the peer group: a literature study focusing on the social dimension of inclusion in education. *International Journal of Inclusive Education* 13 (2):117–140.
- Kunnskapsdepartementet. 2011. Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlig behov. Meld.st.18.
- Lauer, P. A. 2006. Out-of-School-Time Programs: A Meta-Analysis of Effects for At-Risk Students. *Review of educational research* 76 (2):275–313.
- Lundby, H. 2008. Foreldre med funksjonshemmete barn: En studie av familiemønster, yrkesaktivitet og møtet med hjelpeapparatet, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, NTNU, Trondheim.
- Lundeby, H, and J Tøssebro. 2007. Family structure in Norwegian families of children with disabilities. *Journal of applied research on intellectual disabilities* 3:246–256.
- Mailick Seltzer, M, JS Greenberg, FJ Floyd, Y Pettee, and J Hong. 2001. Life Course Impacts of Parenting a Child With a Disability. *American journal of mental retardation* 106 (3):265–286.
- Michelsen, Susan I., P Uldall, T Hansen, and M Madsen. 2006. Social integration of adults with cerebral palsy. *Developmental medicine and child neurology* 48 (8):643–649.

- Michelsen, Susan I., P Uldall, A M Kejs, and M Madsen. 2005. Education and employment prospects in cerebral palsy. *Developmental medicine and child neurology* 47 (8):511–517.
- Odding, E, M E Roebroek, and H J Stam. 2006. The epidemiology of cerebral palsy: Incidence, impairments and risk factors. *Disability and rehabilitation* 28 (4):183–191.
- Owens, A. 2010. Neighborhoods and Schools as Competing and Reinforcing Contexts for Educational Attainment. *Sociology of education* 83 (4):287–311.
- Pedersen, H E, and M K Revold. 2012. Undersøkelse om skoletilbud og levekår hos familier som mottar grunn- eller hjelpestønad. Dokumentasjonsrapport.
- Pratt, Brenda. 2008. Participation of the child with cerebral palsy in the home, school, and community: A review of the literature. *Journal of pediatric rehabilitation medicine* 1 (2):101–11.
- Reisel, L. 2011. Two Paths to Inequality in Educational Outcomes: Family Background and Educational Selection in the United States and Norway. *Sociology of education* 84 (4):261–280.
- Sandbæk, M (red). 2011. Barns levekår. Hva betyr familiens inntekt? : NOVA Rapport 11/04.
- Sandbæk, M, and A West Pedersen. 2010. Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier. En panelstudie 2000 2009. NOVA rapport 10/10.
- Seginer, Rachel. 1983. Parents' educational expectations and children's academic achievements: A literature review. *Merrill-Palmer Quarterly* (1982-):1–23.
- Shandra, Carrie L., and D P. Hogan. 2009. The Educational Attainment Process Among Adolescents with Disabilities And Children of Parents with Disabilities. *International journal of disability, development, and education* 56 (4):363–379.
- Shikako-Thomas, Keiko. 2008. Determinants of Participation in Leisure Activities in Children and Youth with Cerebral Palsy: Systematic Review. *Physical & occupational therapy in pediatrics* 28 (2):155–169.
- SSB. 2010. Registerbaser sysselsettingsstatistikk. Statistisk sentralbyrå.
- Stefansen, Kari. 2004. Fritid og sosial deltakelse. In *Barns levekår. Hva betyr familiens inntekt*, edited by M. Sandbæk. NOVA rapport 11/04.
- Tøssebro, J, and B Ytterhus. 2005. *En skole for alle?* NTNU.

- Tøssebro, J. *Report on the employment of disabled people in European countries*. Academic Network of European Disability experts (ANED) 2007. Available from <http://www.disability-europe.net/content/aned/media/NO%20Employment%20report.pdf>.
- Vedeler, Janikke Solstad. 2010. Pathways into the labour market for Norwegians with mobility disabilities. *Scandinavian journal of disability research : SJDR* 12 (4):257–271.
- Wendelborg, C, and Ø Kvello. 2010. Perceived Social Acceptance and Peer Intimacy Among Children with Disabilities in Regular Schools in Norway. *Journal of applied research in intellectual disabilities* 23 (2):143–153.
- Wendelborg, C, and J Tøssebro. 2008. School placement and classroom participation among children with disabilities in primary school in Norway: a longitudinal study. *European journal of special needs education* 23 (4):305–319.
- . 2011. Educational arrangements and social participation with peers amongst children with disabilities in regular schools. *International Journal of Inclusive Education* 15 (5):497–512.
- Wendelborg, Christian, and Jan Tøssebro. 2010. Marginalisation processes in inclusive education in Norway: a longitudinal study of classroom participation. *Disability & Society* 25 (6):701–714.
- Yude, C, R Goodman, and H McConachie. 1998. Problems of Children with Hemiplegia in Mainstream Primary Schools. *Journal of Child Psychology and Psychiatry* 39 (4):533–541
- Aaboen Sletten , M. 2011. Å ha, å delta, å være en av gjengen. Velferd og fattigdom i et ungdomsperspektiv. NOVA Rapport Nr. 11/11.

# Vedlegg 1: Tabellar

**Tabell A. Barn født 1965 – 1985. Kjenneteikn til utval med og utan fysisk funksjonsnedsetjing. prosent (N)**

	Utval med fysisk funksjonsnedsetjing	Tilfeldig utval
<b>Alder 2010</b>		
25 – 30	21	22
31 – 33	18	18
34 – 37	20	21
38 – 42	25	23
43 – 45	16	17
I alt	100	100
(N)	(1740)	(19947)
<b>Kjønn</b>		
Menn	54	51
Kvinner	46	49
Total	100	100
(N)	(1740)	(19947)
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>		
Grunnskule	40	36
Vidaregåande skule	48	49
Høgskule/universitet	12	15
I alt	100	100
(N)	(1987)	(19597)
<b>Fars høgaste fullførte utdanning</b>		
Grunnskule	34	30
Vidaregåande skule	50	50
Høgskule/universitet	16	21
I alt	100	100
(N)	(1899)	(19142)
<b>Familietype 1985</b>		
Begge foreldra med same adresse som barnet	78	81
Ein av foreldra med same adresse som barnet	22	19
I alt	100	100
(N)	(2033)	(20000)
<b>Gjennomsnittlig utdanningsnivå i bustadkommune, Prosent andel med univ/høgskuleutdanning</b>		
Låg, opp til 18.6%	21	18
Middels, 18.7–26.6%	38	35
Høg, 27% og over	41	46
I alt	100	100
(N)	(1750)	(20000)
<b>Grunn- og hjelpestønad, gruppert etter årlege beløp</b>		
Lågt (Gjennomsnitt 5612 NOK)	26	-
Lågt /medium (Gjennomsnitt 10644 NOK)	25	-
Medium/høgt (Gjennomsnitt 18985 NOK)	25	-
Høgt (Gjennomsnitt 36455 NOK)	24	-
I alt	100	-
(N)	2033	-

**Tabell B. Multivariat logistisk regresjonsmodell for sannsynlighet for å ha universitets- og høgskuleutdanning som høgaste fullførte utdanning i 2010.**

	Odds-rate	95% konfidens intervall	P-verdi
<b>Fysisk funksjonsnedsetjing</b>			
Tilfeldig utval	1	1	1
Fysisk funksjonsnedsetjing	0.28	0.21 – 0.38	0.000
<b>Alder 2010</b>			
25 – 30	1	1	1
31 – 33	1.11	1.00 - 1.22	0.040
34 – 37	1.21	1.10 – 1.33	0.000
38 – 42	0.98	0.89 – 1.08	0.669
43 – 45	0.93	0.84 – 1.03	0.200
<b>Kjønn</b>			
Menn	1	1	1
Kvinner	1.99	1.87 – 2.12	0.000
<b>Under utdanning i 2010</b>			
Under utdanning	2.46	2.18 – 2.78	0.000
Ikkje under utdanning	1	1	1
<b>Mors høgaste fullførte utdanning</b>			
Grunnskule	0.53	0.49 – 0.57	0.000
Vidaregåande skule	1	1	1
Høgskule/universitet	2.23	2.01 – 2.46	0.000
<b>Fars høgaste fullførte utdanning</b>			
Grunnskule	0.56	0.52 – 0.61	0.000
Vidaregåande skule	1	1	1
Høgskule/universitet	2.23	2.04 – 2.44	0.000
<b>Familietype 1985</b>			
Begge foreldra med same adresse som barnet	1	1	1
Ein av foreldra med same adresse som barnet	0.58	0.54 – 0.64	0.000
<b>Gjennomsnittlig utdanningsnivå i bustadkommune, prosent andel med univ/høgskuleutdanning</b>			
Låg, opp til 18.6%	0.46	0.41 - 0.50	0.000
Middels, 18.7-26.6%	0.56	0.52 – 0.61	0.000
Høgt, 27% og over	1	1	1

**Tabell C. Multivariat logistisk regresjonsmodell for sannsynligheten for å vere utanfor arbeidsmarknaden i 2010. Justert odds-rate.**

	Model I	Modell II	Modell III <sup>1</sup>
<b>Fysisk funksjonsnedsetjing</b>			
Tilfeldig utval	12.24***	6.48***	7.02***
Fysisk funksjonsnedsetjing	1	1	1
<b>Alder 2010</b>			
25 – 30	1	1	1
31 – 33	0.90	0.91	0.89
34 – 37	0.75***	0.80***	0.81**
38 – 42	0.82***	0.78***	0.76***
43 – 45	0.78***	0.74***	0.73***
<b>Kjønn</b>			
Menn	1	1	1
Kvinner	1.39***	1.59***	1.59***
<b>Høgaste fullførte utdanning i 2010</b>			
Grunnskule	-	1	1
Vidaregåande	-	0.33***	0.33***
Universitet/høgskule nivå I	-	0.18***	0.19***
Universitet/høgskule nivå II	-	1.13***	0.13***
<b>Mors utdanning</b>			
Grunnskule	1.35***	1.13**	1.15**
Vidaregåande	1		1
Universitet/høgskule nivå I-II	1.04	1.30***	1.33***
<b>Fars utdanning</b>			
Grunnskule	1.09*	0.90	0.92
Vidaregåande	1	1	1
Universitet/høgskule nivå I – II	0.99	1.20**	1.22**
<b>Familietype</b>			
Foreldre med same bustadsadresse 1985	1.70***	1.42***	1.45***
Foreldre hadde ikkje same bustadsadresse 1985	1	1	1
<b>Far arbeidslaus i 1993</b>			
Mottakar av arbeidsløysetrygd	1.18**	1.16**	1.16**
Ikkje mottakar	1	1	1
<b>Mor arbeidslaus i 1993</b>			
Mottakar av arbeidsløysetrygd	0.96	0.95	0.96
Ikkje mottakar	1	1	1
<b>Høgaste fullførte utdanning i 2010</b>			
Grunnskule	-	1	1
Vidaregåande	-	0.33***	0.33***
Universitet/høgskule nivå I	-	0.18***	0.19***
Universitet/høgskule nivå II	-	1.13***	0.13***

\*p < 0.05, \*\*p < 0.01, \*\*\*p < 0.001; OR= justert odds.rate

<sup>1</sup>Model III inkl. Samspelsvariablar

**Tabell D. Multivariat logistisk regresjonsmodell for sannsynligheten for å ha ei inntekt tilsvarande nedre kvartil i 2009. Justert odds-rate.**

	Model I	Model II	Model III <sup>1</sup>
<b>Fysisk funksjonsnedsetjing</b>			
Tilfeldig utval	4.34***	2.39***	1.43***
Fysisk funksjonsnedsetjing	1	1	1
<b>Alder 2010</b>			
25 – 30	1	1	1
31 – 33	0.45***	0.44***	0.43***
34 – 37	0.33***	0.34***	0.31***
38 – 42	0.35***	0.33***	0.29***
43 – 45	0.34***	0.31***	0.29***
<b>Kjønn</b>			
Menn	1	1	1
Kvinner	1.58***	1.77***	1.77***
<b>Høgaste fullførte utdanning i 2010</b>			
Grunnskule	-	1	1
Vidaregåande	-	0.40***	0.41***
Universitet/høgskule nivå I	-	0.30***	0.29***
Universitet/høgskule nivå II	-	0.24***	0.25***
<b>Mors utdanning</b>			
Grunnskule	1.25***	1.09*	1.09*
Vidaregåande	1	1	1
Universitet/høgskule nivå I-II	1.08	1.25***	1.22***
<b>Fars utdanning</b>			
Grunnskule	1.13**	1.00	0.99
Vidaregåande	1	1	1
Universitet/høgskule nivå I – II	1.14**	1.30***	1.29***
<b>Familietype</b>			
Foreldre med same bustadsadresse 1985	1.42***	1.26***	1.30***
Foreldre hadde ikkje same bustadsadresse 1985	1	1	1
<b>Far arbeidslaus i 1993</b>			
Mottakar av arbeidsløysetrygd	1.10*	1.07	1.09
Ikkje mottakar	1	1	1
<b>Mor arbeidslaus i 1993</b>			
Mottakar av arbeidsløysetrygd	0.95	0.94	0.96
Ikkje mottakar	1	1	1

\*p < 0.05, \*\*p < 0.01, \*\*\*p < 0.001; OR= justert odds.rate


<sup>1</sup>Model III inkl. Samspelsvariablar

## Vedlegg 2:

### Tilhøve rundt diagnostisering av fysisk funksjonsnedsetjing

Ein formell diagnose vil i mange tilfelle virke utløysande for ulike behandlingstilbod og stønadsordningar. Avhengig av type sjukdom vil også ein tidleg diagnose verka inn på det vidare forløpet av tilstanden. For foreldre vil det uansett vere ein fordel å ha visshet rundt eventuelle mistankar om barnets helse. I tabell 32 ser vi at i alt 35 prosent av foreldra hadde fått ein diagnose av legen før fødselen eller når barnet blei fødd. Nesten halvparten (49 prosent) svarte at dei hadde hatt ein mistanke om at barnet hadde ein funksjonsnedsetjing før fødselen eller når barnet blei fødd. Det ser ut til at helsetenesten ikkje alltid gjer ein rask respons på foreldras mistanke.

**Figur 9. Barnets alder når foreldra fekk mistanke om at barnet kunne ha ein funksjonsnedsetjing (N=462), og når ein lege første gang sa at barnet hadde funksjonsnedsetjing. Prosent. (N=462).**



Tabell 32 gjer ein inntrykk av foreldras subjektive tilfredshet med legenes evne til å stille diagnosen. I alt 38 prosent var misnøgd, og svarte «Enig» eller «Helt enig» på spørsmålet «Det tok alt for lang tid før en lege diagnostiserte barnet». Tabellen viser også at det er ein samanheng mellom barnets alder når ein lege stilte diagnosen og foreldras subjektive tilfredshet med tida det tok. Andelen som var mest tilfreds (svarte Helt uenig) auka frå 11 prosent for

dei som fekk diagnosen når barnet var meir enn et år, til 61 prosent for dei som fekk diagnosen under svangerskapet. Ei nærmare undersøking av kven som meinte det tok for lang tid å få ein diagnose ga få resultat. Blant dei som var misnøgd var det berre foreldre som budde aleine med barnet som gav uttrykk for ei signifikant større grad av misnøye.

**Tabell 32. Tilhøve rundt diagnostisering av funksjonsnedsetjing.**

	Respons på spørsmålet «Det tok alt for lang tid før en lege diagnostiserte barnet»					(N)
	I alt	Helt enig	Einig	Ueinig	Helt ueinig	
I alt	100	21	17	34	28	(455)
<b>Barnets alder når ein lege første gang sa at barnet hadde ein funksjonsnedsetjing.</b>						
Under svangerskapet	100	3	16	19	61	(31)
Når barnet ble født	100	13	11	32	45	(127)
0-5mnd	100	14	19	38	28	(78)
6-11 mnd	100	27	20	38	15	(92)
Mer enn 12 mnd	100	34	21	34	11	(127)

## Vedlegg 3: Spørjeskjema



ID-nr  
 Mors/fars navn  
 Adresse  
 Postnr Poststed

Kongsvinger, mars 2012  
 Vår ref.: 11/1943  
 Saksbehandler: Hilde E. Pedersen  
 Seksjon for planlegging og brukertesting

## Undersøkelse om skoletilbud og levekår hos familier som mottar grunn- eller hjelpestønad

På oppdrag for Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) gjennomfører Statistisk sentralbyrå (SSB) en spørreundersøkelse om skoletilbud, vennenettverk og helse blant barn med fysisk funksjonsnedsettelse. Barnet det gjelder er barnets navn.

Undersøkelsen skal kartlegge hvordan situasjonen er for disse barna sammenlignet med andre barn i samme alder. Formålet med undersøkelsen er å skaffe kunnskap som kan bedre levekårene til mennesker med fysiske funksjonsnedsettelse. Undersøkelsen er finansiert av Stiftelsen Sophies Minde, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og NOVA.

Basert på data SSB har mottatt fra NAV, har vi tilrettelagt et utvalg på omtrent 900 personer med barn som var diagnostisert med en sykdom som kan gi en form for fysisk funksjonsnedsettelse i 2008. SSB har søkt og fått innvilget dispensasjon fra NAV til å bruke dataene i dette forskningsprosjektet. Undersøkelsen gjennomføres i samsvar med statistikkloven og personopplysningsloven, og SSB har utnevnt et eget personvernombud godkjent av Datatilsynet. Spørsmål om personvern kan rettes på e-post til [personvernombud@ssb.no](mailto:personvernombud@ssb.no) eller på telefon 21 09 00 00. Det er frivillig å delta, og du kan når som helst trekke deg fra undersøkelsen og kreve opplysningene slettet. Det vil aldri bli kjent utenfor SSB hva enkeltpersoner har svart på undersøkelsen. Forskere ved NOVA vil kun få tilgang til en aidentifisert datafil, hvor navn, adresse og fødselsnummer er fjernet. Innen utgangen av desember 2015 vil opplysningene bli fullstendig anonymisert.

**Vennligst returner spørreskjemaet i den ferdig frankerte konvolutten innen mandag 16. april.**

For å gjøre skjemaet kortere og enklere, vil vi i tillegg til opplysninger fra folkeregisteret, benytte opplysninger om utdanning som Statistisk sentralbyrå årlig henter inn fra skoler, fylker og Lånekassen, og opplysninger om inntekt, trygder og stønader hentet fra Skatteetaten og NAV.

### Spørsmål?

Spørsmål om forskningsprosjektet kan rettes til forsker Jon Erik Finnvold i NOVA på e-post [jon.e.finnvold@nova.no](mailto:jon.e.finnvold@nova.no) eller telefon 22 54 12 98. Øvrige spørsmål kan rettes til SSB på e-post [skoletilbud@ssb.no](mailto:skoletilbud@ssb.no) eller på telefon 21 09 00 00.

Med vennlig hilsen



Olav Ljones  
 fungerende administrerende direktør



Øyvind Kleven  
 seksjonssjef

# Undersøkelse om skoletilbud og levekår hos familier som mottar grunn- eller hjelpestønad

Eventuelle kommentarer til undersøkelsen kan sendes på e-post til [skoletilbud@ssb.no](mailto:skoletilbud@ssb.no)  
Sett kun ett kryss for hvert spørsmål dersom ikke annet er oppgitt.



## Opplysninger om skoletilbud

### 1 Hva slags skole går barnet på?

- Både vanlig skole og spesialskole  
 Vanlig skole  
 Spesialskole → Gå til **5**  
 Annet → Gå til **5**

### 2 I hvor stor grad følger barnet det ordinære opplæringsopplegget for klassen?

- I stor grad  
 I noen grad  
 I liten grad  
 Sjelden eller aldri  
 Vet ikke

### 3 I omtrent hvor stor del av skoletida er barnet sammen med en vanlig klasse?

- Hele tida  
 Minst halvparten av tida  
 Mindre enn halvparten av tida

### 4 Mottar barnet spesialundervisning?

- Ja  
 Nei → Gå til **5**

### 4.1 Hvor mange år har barnet mottatt spesialundervisning?

år

### 4.2 Omtrent hvor mange timer per uke har barnet mottatt spesialundervisning dette skoleåret?

timer  
 Vet ikke

### 4.3 I omtrent hvor stor del av skoletida får barnet spesialundervisning ...

... sammen med en mindre gruppe barn?

- Hele tida  
 Minst halvparten av tida  
 Mindre enn halvparten av tida

... alene med en voksen/ansatt?

- Hele tida  
 Minst halvparten av tida  
 Mindre enn halvparten av tida

### 5 Er det laget en individuell opplæringsplan (IOP) for ditt barn, som viser hva han/hun skal lære ut fra sine forutsetninger?

- Ja  
 Nei → Gå til **7**

### 6 I hvor stor grad opplever du at IOP er et nyttig virkemiddel for å sikre barnet ditt deltakelse og inkludering i skolen?

- I stor grad  
 I noen grad  
 I liten grad





**7** I hvor stor grad kan barnet bevege seg rundt på skolens inne- og uteområder som andre barn?

- I stor grad
- I noen grad
- I liten grad

**8** Hvordan opplever du kontaktlæreres eller klassestyrers kompetanse i forhold til ditt barns behov i skolen?

- Meget god
- God
- Verken god eller dårlig
- Dårlig
- Meget dårlig

**9** Hvordan opplever du samarbeidet med skolen om ditt barns skolegang?

- Meget godt
- Godt
- Verken godt eller dårlig
- Dårlig
- Meget dårlig



**10** Har ditt barn opplevd å bli mobbet på skolen på grunn av sin funksjonshemming?

- Ja
- Nei
- Vet ikke

**11** Hvordan opplever du ditt barns muligheter til å delta i følgende aktiviteter på skolen?

	Meget gode	Gode	Verken gode eller dårlige	Dårlige	Meget dårlige
Turer på dagtid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Idrettsdag/friluftsdag	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Turer med overnatting	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

**12** Hvordan tror du barnet trives i klassen sin? Tror du han/hun trives ..

- Svært godt
- Godt
- Passe
- Dårlig
- Svært dårlig

**13** Hvordan synes du barnet gjør det faglig på skolen? Vil du si ..

- Svært godt
- Godt
- Middels
- Under middels





**14** Hvor lang utdanning tror du barnet vil oppnå?

- Grunnskole
- Videregående skole
- Universitet/høyskole

### Fritid og venner

**15** Hvor ofte ...?

- |  | Hver dag                 | Flere dager<br>i uka     | En dag i uka             | Sjeldnere<br>enn en dag<br>i uka | Aldri                    |
|--|--------------------------|--------------------------|--------------------------|----------------------------------|--------------------------|
| ... har barnet venner hjemme hos seg selv? | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/>         | <input type="checkbox"/> |
| ... er barnet med venner hjem?             | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/>         | <input type="checkbox"/> |

**16** Har barnet en bestevenn?

- Ja, har én spesiell bestevenn
- Ja, har flere bestevenner
- Nei

**17** Hvem pleier barnet å være sammen med på fritiden? Er det..

- En eller to faste venner
- En gruppe venner som holder sammen
- Nokså tilfeldig hvem barnet er sammen med
- Er ikke så ofte sammen med venner i fritiden



**18** Har barnet en eller flere gode venner som også har en fysisk funksjonshemming?

- Ja
- Nei

**19** Deltar barnet på organiserte gruppeaktiviteter utenom skoletid? Vi tenker her på idrett, spill, musikk eller lignende.

- Ja
- Nei

### Opplysninger om barnet

**20** Hvem bor barnet sammen med mesteparten av tiden?

- Mor og far
- Mor, hovedsakelig
- Far, hovedsakelig
- Delt omsorg
- Andre

**21** Hvordan beveger barnet seg vanligvis?

- Går vanlig
- Går vanlig men ikke lange distanser
- Går, men bevegelseshemmet
- Bruker vanligvis rullestol, men kjører selv
- Avhengig av rullestol og må kjøres av andre





**22** Vil noen som ikke kjenner barnet umiddelbart se at barnet er funksjonshemmet?

- Ja, alltid
- Av og til
- Nei, sjelden eller aldri

**23** Hvor mye hjelp trenger barnet i hverdagen?

- Omtrent som andre barn
- Må ha noe ekstra hjelp
- Trenger mye ekstra hjelp

**24** Hvordan vurderer du barnets helse?

- Meget god
- God
- Verken god eller dårlig
- Dårlig
- Meget dårlig



**25** Hvor gammelt var barnet når du første gang fikk mistanke om at barnet kunne ha en funksjonshemming?

- Under svangerskapet
  - Når barnet ble født
- Når barnet var  måneder

**26** Hvor gammelt var barnet når en lege første gang sa at barnet hadde en funksjonshemming?

- Under svangerskapet
  - Når barnet ble født
- Når barnet var  måneder

**27** Hvor enig eller uenig er du i utsagnet "Det tok altfor lang tid før en lege diagnostiserte barnet".

- Helt enig
- Enig
- Uenig
- Helt uenig

## Pasient/brukerorganisasjoner

**28** Er familien medlem av en pasient/brukerorganisasjon for funksjonshemmede (CP-foreningen eller lignende)?

- Ja
- Nei

**29** Har du noen gang deltatt på samlinger eller kurs arrangert av en pasient/brukerorganisasjon for funksjonshemmede?

- Ja
- Nei

Takk for hjelpen!

